


Brannokumentasjon

2017



Fjell kommune



Sund kommune



Øygarden kommune

Forord

Etter krav i §§ 9 og 10 lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) og forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskriften), er det utarbeidd branndokumentasjon for Fjell, Sund og Øygarden kommunar, Øygarden brann og redning IKS, som viser korleis brannvernarbeidet er organisert. I det vidare blir Øygarden brann og redning IKS forkorta til ØBR. Branndokumentasjonen er også basert på ein brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse for regionen.

Branndokumentasjonen inkluderer også dimensjonering av feiing og tilsyn med fyringsanlegg for å tilfredsstille krav i forskrift av 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

Denne branndokumentasjonen erstattar tidlegare branndokumentasjonar for Fjell, Sund og Øygarden kommunar, og viser ei brann- og redningsteneste som skal vere rusta til å handtere både førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver i regionen.

«Sikkerhet er uten tvil den beste investering vi kan gjøre.

Spørsmålet er ikke hva det koster oss, men hva vi kan spare». (Robert E. Mckee, Conoco (UK) Ltd).

Øygarden brann og redning IKS
14.11.2017

Bjørn Olav Paulsen
brann- og redningssjef

Innhald

1.0	Innleiing	Side 6
2.0	Samandrag	7
3.0	Sentrale lover, forskrifter og heimelsgrunnlag	9
3.1	Lover og forskrifter	9
3.2	NOU, Stortingsmeldingar, rapportar m.m.	9
3.3	Kommunale vedtak	10
3.4	Særleg om forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen	10
4.0	Metode og grunnlag for branndokumentasjon	13
4.1	Krav til dokumentasjon	13
4.2	Gjennomføring	13
4.3	Utvikling av brann- og redningstenesta	13
4.4	Generelt om dimensjonering av brann- og redningstenesta	14
4.5	Utviklingstrekk i samfunnet	14
4.6	Selskapsavtale for Øygarden brann og redning IKS	15
5.0	Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse (kortversjon)	17
5.1	Innleiing	17
5.2	Intensjonar og metode	17
5.3	Gjennomføring	17
	5.3.1 Definisjoner og begreper	17
	5.3.2 Vurdering av risiko	21
5.4	ØBR sin vurdering av dei største risikområda	22
	5.4.1 Farleg gods på veg/uhell med farleg gods	22
	5.4.2 Større utmarksbrann	23
	5.4.3 Større brann i bustad- og næringskompleks	23
	5.4.4 Trafikkulukke	23
	5.4.5 Sjørelaterte hendingar	23
	5.4.6 Særskilde risikogrupper	24
	5.4.7 industri	24
5.5	Førebyggjande ROS	24
	5.5.1 Ny førebyggjande forskrift	24
	5.5.2 Oppgåver for førebyggjande avdeling	25
5.6	Administrativ ROS	25
	5.6.1 Innleiing	25
	5.6.2 Modellar	25
	5.6.3 Konsekvensvurdering av alternativa	26
	5.6.3 Tilråding	27
6.0	Dimensjonering av Øygarden brann og redning IKS	28
6.1	Innleiing, namn og føremål	28
6.2	Administrasjon og organisering	29
	6.2.1 Administrasjon og arbeidsgjevaransvar	29
	6.2.2 Organisering og delegering	29
	6.2.3 Arbeidsavtale, stillingsinnhald og arbeidsplan	29
	6.2.4 Internkontroll	29
	6.2.5 Planverk og rapportering	30
	6.2.6 Kjøretøy, utstyr og materiell	30
6.3	Grunnlagsdata	30
	6.3.1 Basis	30
	6.3.2 Folketal og areal i regionen	31
	6.3.3 Tettstader	31
	6.3.4 Eldstader og piper	31

6.4	Administrasjonsavdeling og leiging av selskapet	side 32
6.4.1	Generelt	32
6.4.2	Brann- og redningssjef (brannsjef)	32
6.4.3	Nestleiar (varabranssjef)	32
6.4.4	Avdelingsleiing, leiargruppe og stabsfunksjonar	32
6.4.5	Kompetanse	32
6.5	Beredskapsavdeling	33
6.5.1	Generelt om oppgåver og dimensjonering av beredskapen	33
6.5.2	Standardkrav iht dimensjoneringsforskriften	33
6.5.3	Særskilde risikotilhøve – auka krav til materiell, kompetanse og vakt	35
6.5.4	Organisering av avdelinga	36
6.5.5	Vaktordningar og aksjonsleiing	36
6.5.6	Beredskapsstruktur	37
6.5.7	Samla vaktstyrke	39
6.5.8	Samla beredskapsstyrke	39
6.5.9	Avtalar med andre	40
6.5.10	Utrusting av beredskapen	40
6.5.11	Drift og vedlikehald	41
6.5.12	Kompetanse og øving	41
6.5.13	Reservestyrke	41
6.5.14	Forsterka beredskap	42
6.5.15	Akutt forureining/uhell med farleg gods	42
6.5.16	Røyk- og kjemikaliedykking	42
6.6	Førebyggjande avdeling	42
6.6.1	Avdelinga sine oppgåver	42
6.6.2	Organisering av avdelinga	43
6.6.3	Kurs og opplæring	43
6.6.4	Kjøretøy, utstyr og materiell	43
6.6.5	Lærling(ar)	43
7.0	Varsling av brann og ulukke	44
8.0	Finansielt opplegg	44
9.0	ROS-arbeid i eigarkommunane	45
10.0	Kystverket - oljeverndepot	45
10.1	Oljeverndepot	45
10.2	Organisering	46
11.0	Sivilforsvaret – FIG Fjell	46
12.0	Brann- og redningssjefen sine tilrådingar	48
13.0	Oppsummering	50
14.0	Endringer	51
14.1	Endringar av ikkje-prinsipiell karakter	51
14.2	Endringar av prinsipiell karakter	51
14.3	Innføring av ny beredskapsstruktur	51
15.0	Saksbehandling og vedtak	51
16.0	Kjelder	52
17.0	Ord og uttrykk	52

Vedlegg



Foto: Monica Hovland



Foto: Jan Gaute Haug



Foto: May Helen Hansen



1

Innleiing

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) av 14. juni 2002 nr. 20 § 9 og § 10 krev at alle kommunar dokumenterer korleis kommunane tek i vare sitt ansvar. Branndokumentasjonen skal vise organisering og bemanning av brann- og redningstenesta.

Branndokumentasjonen inneheld ein komprimert versjon av ein brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse, som er eit sentralt underlagsdokument. Forskrift av 26. juni 2003 nr 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen, set også fram konkrete krav til organisering, vakt og bemanning.

Branndokumentasjonen har vore utarbeidd av administrasjonen i dei to brannverna som vil inngå i Øygarden brann og redning IKS. Brannsjefane har fungert som ei arbeidande styringsgruppe, og tilsette ved ulike avdelingar har fungert som bidragsytarar i arbeidsgrupper. Tillitsvalde har også vore involvert.

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har det siste tiåret vore prega av høg aktivitet innan t.d. olje- og gassnæringa, og med oppbygging av region- og kommunesenter. Det pågår ei fortetting, som særleg gjer seg utslag i og omkring tettstaden Straume, men også Ågotnes ber preg av slik utvikling. Sjølv om olje- og gassnæringa dei siste to åra har vore inne i ei lågkonjunktur, er det grunn til å tru at aktiviteten vil ta seg opp i løpet av få år. Nye næringsverksemder vil sjå dagens lys, og vi vil etter kvart sjå konturane av Straume Kystby. Fokus på beredskap mot brannar og ulukker, og det førebyggjande arbeidet pågår jamt, og i denne branndokumentasjonen viser kommunane korleis dei vil leggje opp førebyggjande arbeid, vaktstrukturar og bemanning innan brann- og redningstenesta.

Brann- og redningstenesta arbeider for å sikre live, helse, verdiar og miljø, og må for dette ha adekvat bemanning og infrastruktur. Denne branndokumentasjonen er basert på ei risiko- og sårbarhetsanalyse inkludert beredskapsanalyse, samt krav i relevante lover og forskrifter. I tillegg er lokale tilhøve teken med i vurderingane.

Branndokumentasjonen skal vurderast i styret og leggest fram for representantskapet, som er delegert mynde til å gjere vedtak. Branndokumentasjonen skal altså ikkje fram for kommunestyra for vedtak.

Ein må sjå på branndokumentasjonen som eit dynamisk dokument, og det bør leggest opp til at styret skal kunne gjere mindre endringar, for å sikre at dokumentet er oppdatert til ei kvar tid.

Når representantskapet har vedteke branndokumentasjonen, vert den sendt til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) for gjennomgang.

2

Samandrag

Brannokumentasjon skal vise korleis Fjell, Sund og Øygarden kommune tek i vare dei oppgåver som er lagt kommunane i §§ 9 og 10 i brann- og eksplosjonsvernloven. Den er basert på ein brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse, som er utarbeidd av leiinga for dei to brannverna som inngår i det nye Øygarden brann og redning IKS. I tillegg til brannsjefane har ei rekkje ressurspersonar vore med i arbeidet. Brannokumentasjonen skal ta i vare krav i dimensjoneringsforskriften og ev. lokale satsingsområder.

Den brann- og redningstekniske risiko- og sårbarhetsanalysen, er grundig og omfattande. I dette dokumentet vert det berre presentert ein kortversjon, med dei viktigaste punkta som har vore med å forme ut tilrådingane for reduksjon av risiko, og kva organisasjon (bemanning, vaktordningar, stasjonsstruktur o.a.) ein tilrår for dette.

Ny førebyggjande forskrift gjev brannvesenet stor utfordringar med kartlegging av behov for feiing av røyklaup og tilsyn med fyringsanlegg i fritidsbustader. Frå tidlegare har det berre vore krav om slike tenester for heilårsbustader med fyringsanlegg.

Selskapet vil ta i vare brann- og redningsoppgåver i ein region i vekst. Om få år er det venta eit folketal på 40 000. Tettstadsgeografi og lokale næringsaktørar er også med å leggje føringar på kva krav brann- og redningstenesta må oppfylle. Særleg det faktum at dei mange små tettstandane i regionen veks saman til større, fører til krav om endringar i vaktstruktur. Fortetting av sentrumsområder og store bustadområder, er og med på å gje førebyggjande og beredskapsmessige utfordringar.

Kapittel 5 er ein kortversjon av den omfattande brann- og redningsROS'en som er gjennomført. Denne legg i stor grad føringar for kapittel 6 som tek føre seg dimensjonering av selskapet. Føringar for kva oppgåver Øygarden brann og redning IKS (ØBR) skal ivareta, er også presentert i selskapsavtalen for selskapet. Det er lenge sidan førre brannokumentasjon vart utarbeidd, og no er den altså felles for alle dei tre kommunane. Fagleg tilrådingar for endringar har vore lagt på vent, på grunn av organisatoriske avklaringar.

No er den organisatoriske modellen på plass, og tilrådingane til endringar er til dels omfattande, men også nødvendige etter ein fagleg vurdering. Særleg er det viktig å leggje merke til at det skal på plass faste vaktordningar ved alle stasjonar. Det er ei sløkkjeavtale med Bergen kommune for eit nærare spesifisert området i Fjell kommune, og Tyssøy i Sund kommune. Dette samarbeidet er regulert gjennom eigen avtale (sjå vedlegg 8). Vår førebyggjande avdeling vil med sine om lag 10 årsverk ha gode kapasitetsmessige- og faglege musklar, og vere proaktiv innan det førebyggjande området.

Gode støttefunksjonar innan HMS og personalforvaltning av nesten 80 heil- og deltidstilsette (når alle endringane er implementert), skal vere med å gjere administrative oppgåver, som er nødvendige for at organisasjonen skal yte sitt beste.

Frå brann- og redningssjefen sin side vert det lagt opp til at implementeringa av nye tiltak blir teken gradvis og innan 01.01.2020 for dei flest tiltaka. Samla sett vil den nye organiseringa gje ein vesentleg kapasitets- og kompetanseoppgradering av brann- og redningstenesta i Fjell, Sund og Øygarden kommunar. Ein kan indirekte også seie at regionen i eit utvida perspektiv har blitt styrka med både beredskaps- og førebyggjande ressursar. Det er ikkje unaturleg at ein sovidt stor aktør, som det ØBR vert, vil kunne bidra innan aktuelle brann- og redningsområder også utover våre grenser i framtidige større brannvernsamarbeid. Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har vedteke å slutte seg til samarbeidet Vest brann- og redningsregion. Dette er eit samarbeid mellom fleire autonome brann- og redningstenester i Hordaland, som venteleg vert starta opp i 2018.

ØBR vil halde fram med det administrative ansvaret for Kystverket sitt oljeverndepot. Hordaland Sivilforsvarsdistrikt (HSFD) er lokalisert med både ein FIG (Fredsinnsatsgruppe) og ein FIG-P (forsterka personellressurs) ved Ågotnes brannstasjon. HSFD har i ei årrekke hatt eit utmerka samarbeid med brannvesenet i regionen. Sivilforsvaret, som støtterressurs i samfunnsberedskapsarbeid, er ein særskilt viktig samarbeidspartnar for brann- og redningstenesta.

Styret for selskapet vil vere ein viktig premissleverandør i arbeid med å implementere tiltaka i denne brann- og redningsdokumentasjonen for Fjell, Sund og Øygarden kommunar gjennom Øygarden brann og redning IKS.



3

Sentrale lovverk, forskrifter og heimelsgrunnlag

3.1 Lover og forskrifter

- Lov av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets
- redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernsloven)
- Forskrift av 26. juni 2002 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskriften)
- Forskrift av 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging
- Forskrift av 8. juni 2009 om handtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved handteringen
- Forskrift av 6. desember 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Forskrift av 26. juni 2002 om handtering av eksplosjonsfarlig stoff
- Lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning
- Forskrift av 9. juli 1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning
- Forskrift av 6. desember 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

Dei opplista lovverk og forskrifter er i forskjellig grad direkte aktuell for ØBR sitt arbeidsområde. Dimensjoneringsforskriften er naturleg nok særst sentral, då den har ei rekke konkrete krav til dimensjoneringa. Sjå elles pkt. 3.4 om nokre viktige krav.

3.2 NOU, Stortingsmeldingar, rapporter m.m.

- St.meld. nr. 22 (2007-2008) Samfunnssikkerhet. Samvirke og samordning
- St.meld. nr. 35 (2008-2009) Brannsikkerhet. Forebygging og brannvesenets redningsoppgaver
- Veileder om enhetlig ledelsessystem (ELS) ved handtering av hendelser innen brann, redning og akutt forurensning. DSB, Kystverket og Klima- og forurensningsdirektoratet (11. november 2011)
- NOU 2012:4 Tryggj heim - Brannsikkerhet for utsatte grupper
- NOU 2012:8 Ny utdanning for nye utfordringar - Helhetlig utdanningsmodell for fremtidig personell i brannvesenet
- Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse for Askøy, Fjell, Sund og Øygarden (2012 – 2013)
- NTNU Samfunnsforskning Framtiden brann- og redningsvesen (2013)
- Brannstudien – Fremtidens brann og redningsvesen – Rapport fra arbeidsgruppe som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk (DSB desember 2013)
- Forprosjekt Vest-Hordaland brann & redning (2013 – 2014)
- Rapport om fellesbrannvesen for Fjell, Sund og Øygarden kommuner, KPMG (2016)
- Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse for Fjell, Sund og Øygarden (2017)

3.3 Kommunale vedtak

Vedtak om oppretting av Øygarden brann og redning IKS og godkjenning av selskapsavtale for selskapet

- Fjell kommunestyre 26.05.2016
- Sund kommunestyre 11.05.2016
- Øygarden kommunestyre 15.06.2015

3.4 Særleg om forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen

Denne forskrifta er sær sentral når brann- og redningstenesta skal dimensjonerast. Det gjev fleire konkrete krav, som må følgjast. Forskrifta er ei minimumsforskrift, noko som betyr at ein ikkje kan gå lågare i t.d. bemanning og beredskap enn det forskrifta legg til grunn. I tillegg er kommunane pliktig til å sjå forskriftskrava opp mot ei lokal risiko- og sårbarhetsanalyse.

Her er nokre sentrale punkt

§ 2-5 Brannsjefen og avdelingsledelse

Brannsjefens fullmakter følger av brann- og eksplosjonsvernlovens § 12 og kommunens delegeringsvedtak. Brannsjefen skal ha en stedfortreder.

I kommuner eller brannvernregioner med mer enn 20.000 innbyggere skal brannvesenet ledes av en kvalifisert person i hel stilling.

Brannvesenet skal organiseres med en forebyggende avdeling og en beredskapsavdeling. I kommuner eller brannvernregioner med mer enn 20.000 innbyggere skal hver avdeling ledes av en person i hel stilling.

Kommentar

Dette er eit av forskrifta sitt sterkaste punkt, og noko av det mest sentralt for å sikre ei brann- og redningsteneste med kompetent leing. Eit punkt ØBR tilfredsstillar fullt ut.

§ 2-6 Andre oppgaver for brannvesenet

Brannvesenet kan tillegges andre oppgaver enn de som følger brann- og eksplosjonsvernloven § 11 første ledd. Slike oppgaver må ikke redusere brannvesenets muligheter til å utføre sine lovpålagte oppgaver. Oppgavene skal fremgå av dokumentasjonen i § 2-4.

Kommentar

Prosjektet *Brannsam arbeid i bergensregionen*, som er utgreia, vil potensielt kunne føre til meiroppgåver for dei største, deltakande brannverna i samarbeid. ØBR vil vere blant dei. Dersom meiroppgåver blir tillagt, må ein vere klar over at dette vil kunne føre til auka ressursbehov for å handtere oppgåver i eiga region.

§ 3-2 Kapasitet, kompetanse og dimensjonering

Brannvesenets forebyggende avdeling skal være slik bemannet og ha slik kompetanse at de krav som stilles til brannvesenets gjennomføring av forebyggende og kontrollerende oppgaver oppfylles.

Det skal utføres minst ett årsverk brannforebyggende arbeid etter forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn pr. 10.000 innbyggere i kommunen eller brannvernregionen. Andre forebyggende oppgaver brannvesenet påtar seg krever ytterligere ressurser.

Kommentar

Ny forskrift om brannforebygging (erstatta forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn 01.01.2016), legg omfattande føringer for m.a. tilsyn av eldstader og fyringsanlegg også i fritidsbustader. Det skal kartleggast behov, noko som er ei sær s omfattande oppgåve, så alle fritidsbustader må registrerast og eldstad med fyringsanlegg må ha kontroll. Ei viss ressursstyrking må på plass for å sikre tenleg gjennomføring, då dette kjem i tillegg til eksisterande feie- og tilsynsoppgåver i heilårsbustader med eldstad.

§ 4-8 Innsatstid

Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehus/sykehjem m.v., strøk med konsentrert og omfattende næringsdrift o.l., skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter.

Innsatstiden kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risiko. Kommunen skal dokumentere hvordan dette er gjennomført.

Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikke overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innsatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.

Kommentar

Døme på kompenserande tiltak går fram av veiledninga, og er m.a. automatisk brannalarmanlegg, sprinkleranlegg, hyppigare tilsyn, meir øving og betre tilkomst for brannvernet.

§ 5-2. Vaktlag og støttestyrke

Et vaktlag skal minst bestå av: - 1 utrykningsleder - 3 brannkonstabler/røykdykkere.

Støttestyrke er: - fører for tankbil - fører for snorkel-/stigebil.

§ 5-3. Vaktberedskap

I spredt bebyggelse og i tettsteder med inntil 3.000 innbyggere kan beredskapen organiseres av deltidspersonell uten fast vaktordning. Til tider hvor det ikke kan forventes tilstrekkelig oppmøte ved alarmering skal det opprettes lag med dreiende vakt.

I tettsteder med 3.000 – 8.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreiende vakt.

I tettsteder med 8.000 – 20.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av heltidspersonell med kasernert vakt innenfor ordinær arbeidstid. Utenfor ordinær arbeidstid kan beredskapen organiseres i lag bestående av deltidspersonell med dreiende vakt, men hvor utrykningsleder har brannvern som hovedyrke. Støttestyrke, jf. § 5-2, kan være deltidspersonell med dreiende vakt.

Kommentar

Beredskap i ein tettstad kan sikrast med beredskap frå anna tettstad. Beredskapen kan også liggje midt mellom to tettstader om dette er vurdert å vere meir hensiktsmessig. Tettstaden Ågotnes har i underkant av 4 000 innbyggjarar, og difor krav til eit 4-personars lag i dreiende vaktordning.

Per i dag er det berre 3 personar som inngår i ein heilkontinuerleg dreiande vaktordning. Ein må difor oppgradere vaktordninga ved denne stasjonen.

Tettstaden Straume/Knarrevik har om lag 11 000 innbyggjarar og krav om dagkasernert beredskap. Området har vore i sterk utvikling dei siste åra, og det ligg føre planer om ei storstilt utvikling dei neste 10 – 20 åra. Per i dag blir kravet om dagkasernering dekt gjennom avtale med Bergen brannvesen. Området har sårbar infrastruktur og risiko- og sårbarhetsanalysen tilrår etablering av forsterka beredskap her. T.d gjennom ein fremskoten eining og dagkasernert løysing på Ågotnes. Slik fremskoten eining vil også vere eit netto positivt bidrag til den totale beredskapen både i vår eiga region, men også om ein ser mot nærområder rett over Sotrabraua.

§ 5-6. Overordnet vakt

I kommuner eller brannvernregioner med tettsteder med mer enn 2.000 innbyggere skal det være dreiende overordnet vakt. Brannsjefen og stedfortreder skal inngå i vaktordningen. Overordnet vakt skal kunne lede samtidig innsats på flere skadesteder. Flere kommuner kan ha felles overordnet vakt.

Kommentar

Slik vaktordning har både Sotra Brannvern og Øygarden brannvesen hatt i ei årrekke. Denne vaktordninga er det naturlege koordinerande ledd med ein beredskapsmodell med beredskapsstyrker spreidd over heile regionen. Vakta er 24/7 og lagt til heiltidstilsette på overordna nivå.

§ 6-1 Utrustning til brannbekjemping og ulykkesinnsats

Brannvesenet skal disponere egnet og tilstrekkelig utstyr med høy driftssikkerhet til innsats ved de branner og ulykker som kan forventes, herunder transportmidler, pumper, slanger og annet slokkeutstyr, samt utstyr til bruk ved akutt forurensning.

I områder hvor tilstrekkelig vann til brannslukking ikke umiddelbart kan skaffes til veie, skal brannvesenet medbringe vann til slukking.

Kommentar

For å sikre høg driftssikkerhet er det viktig både med jamleg vedlikehald og service, men også å ha ein plan for utskifting. I særleg grad gjeld dette dei store kjøretøya.

Ei viktige premiss i denne samanheng, er forutsigbare driftsbudsjett og faste avsetnader til fond, slik det er nedfelt i selskapsavtalen. Tankbil er døme på eit sentralt kjøretøy.

§ 6-4 Særskilt utrustning til bruk ved ulykker med personskade

Brannvesenet skal disponere egnet utstyr til redningsinnsats ved ulykker, herunder førstehjelps- og frigjøringsutstyr. Alternativt kan kommunen inngå avtale med annet brannvesen eller annen beredskapsenhet om slik redningsinnsats innenfor kommunens geografiske ansvarsområde.

Kommentar

Særleg aktuelt er hydraulisk frigjeringsutstyr for opning av kjøretøy ved trafikkulukker. Alle stasjonar i ØBR skal rå over slikt utstyr.

4

Metode og grunnlag for branndokumentasjon**4.1 Krav til dokumentasjon**

Denne branndokumentasjonen er utarbeidd av administrativ leiing i Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen. Desse to brannverna vil gå inn i det nye Øygarden brann og redning IKS i løpet av 2017. Framlegget til branndokumentasjon er basert på m.a. omfattande brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse. Kap. 5 er ei forkorta versjon av analysen.

Styret for det nye selskapet har og, til ei viss grad, vore medverkande i utforminga.

Branndokumentasjonen skal vise korleis kommunane tek i vare sine forpliktingar jf. brann- og eksplosjonsvernloven §§ 9 og 10. Selskapsavtalen for selskapet er allereie godkjent av eigarkommunane, og jf. § 16, versal j) skal representantskapet fastsette branndokumentasjonen for eigarkommaune.

I tillegg er det fleire direkte krav i Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen, som er inkludert i dokumentasjonen.

4.2 Gjennomføring

Brannsjefane i Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen, har vore ansvarleg for å utarbeide dokumentet. Det er også trekt inn ressurspersonar frå interne avdelingar og tillitsvalde. Branndokumentasjonen vert så behandla i amu, styret med tilråding, og deretter endeleg vedteke i representantskapet.

4.3 Utvikling av brann- og redningstenesta

Statistiske data viser at brann- og redningstenesta rykker ut og støtter lokalsamfunnet innan ei rekkje områder. Utrykking til reine brannar er i mindretal. Endring i klimatiske tilhøve kan sjå ut til å gje andre utfordringar som ei brann- og redningsteneste må handtere. For vår region er nok meir nedbør og vind, noko som kan gje oss andre oppdrag som t.d. trefall over vegar, vatn i kjellarar, tak som vert riven av, og liknande.

Kjøretøyparken er også i endring. Frå tidlegare berre å ha vore knytt opp mot reine forbrenningsmotorar som bensin og diesel (og eit lite innslag av naturgass), er nå elbilar daglegdags. Dette gjev brann- og redningstenesta andre innsatsfaktorar. Etter kvart kjem kanskje også andre driftsformar som hydrogen på banen, men eldrivne kjøretøy i fleirtal. Likevel vil kjøretøy driven av bensin og diesel (gjerne med innblanding av etanol/biodiesel) vere i fleirtal i lang tid framover. Det ser ikkje ut til at vår region vil få skinnegående trafikk i nær framtid.

Vårt skrinne jordsmonn, gjev oss ei særleg utfordring om snøfattige vintre held fram. Med vind tørkar det raskt opp før nytt gras kjem fram.

Sjølv med relativt låg temperatur, høg luftfuktighet og en del nedbør, gjer dette oss sårbare for utmarksbrannar. Det er eit betimeleg spørsmål å stille at det framleis skal vere lov med eiga brenning av kvistar, og greinar frå hagen utan strengare reguleringar. Det er berre Fjell kommune som har vedteke forbod mot open brenning i tettbygd områder.

Per i dag er det berre Fjell kommune som har eigen heiltidstilsett person som beredskapsleiar. Det vil ikkje vere unaturleg at brann- og redningstenesta blir meir integrert i dei totale risiko- og sårbarhetsvurderingane som eigarkommunane gjer.

4.4 Generelt om dimensjonering av brann- og redningstenesta

Ved dimensjonering av brann- og redningstenesta er det i utgangspunktet lite ein kan avgjerde lokalt. Brann- og eksplosjonsvernloven og tilhøyrande forskrifter (førebyggjande forskrift og dimensjoneringsforskrift) legg klare føringar på minstenivå på ressursane.

Døme på slike føringar krav til beredskap for tettstader utifrå tal på innbyggjarar. I tillegg må ein leggje til grunn lokal risiko- og sårbarhetsanalyse og ev. lokale satsingsområder utover krav i lov og forskrift.

Vi legg difor følgjande til grunn ved utarbeiding av branndokumentasjon for regionen.

- Brann- og eksplosjonsvernloven med tilhøyrande forskrifter
- Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse for regionen
- Oppgåver som kjem fram i selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS

Dersom regionen (Fjell, Sund og Øygarden) etter kartlegging av risiko (ROS'analysen), avdekkar tilhøve som ikkje kan ivaretakast gjennom forskriftens minstekrav, særskilde brannførebyggjande tiltak og samarbeidsavtaler mv., skal brann- og redningstenesta tilførast ytterlegare ressursar, jf. dimensjoneringsforskriftens § 2-4.

- 1) Standard brannrisiko: Brannar i objekter i kommunen som oppfyller det branntekniske sikkerhetsnivået iht aktuelt lovverk og forskrifter
- 2) Kartlagt risiko som er større enn standard brannrisiko: Objekter eller områder i kommunane som gir større enn normal fare for tap av menneskeliv, store økonomiske verdiar, kulturelle verdiar eller andre høve som er av samfunnsmessig stor avgjerd.

4.5 Utviklingstrekk i samfunnet

Det skjer ein fortetting. Auka sentralisering og etablering av tettstader og kystby, er eit resultat av ønskjer og behov for både eldre og yngre generasjonar.

Stor og høge leilghetsbygg skytt opp fleire stader. Dette gjev brann- og redningstenesta nye utfordringar til sløkking i tettbygde områder og i høgda, samt potensielt også redning i høgda. Brann- og redningstenesta må difor sikrast tilgong til høgdereskap innan kort tid.

I praksis tilseier dette å investere i, og drifte, eit reiskap sjølv. Slike kjøretøy krev spesialisert kunnskap og meir trening i bruk. Auka fortetting gjer også det førebyggjande arbeid meir utfordrande.

Det vert fleire eldre, og berre dei svakaste bur på sjukehimar. Fleire bu- og servicesenter og seniorbustader. Kva med rømming i tilfelle brann? Også andre svakare grupper må takast med i det viktige førebyggjande arbeidet; rusmisbrukarar (både dei ein veit om, og det som kanskje kan vere meir skjult), fysisk funksjonshemma, arbeidsinnvandrarar og innvandrarar frå land med særskilte ulik kultur, er alle døme på sårbare grupper.

Mange stiller store forventningar, til at storsamfunnet, og då særleg kommunane, har ressursar og planverk for nær sagt alle tenkjelege (og utenkjelege) situasjonar som kan oppstå. Kva kan ein eigentleg forventa at kommunen skal bidra med, og kva for krav er legitime å stille til den einskilde privatperson. Kanskje går samfunnet i retning av mindre sjølvstende, og større forventningar om at det offentlege skal kome å ordne opp ved uventa hendingar?

Ei brann- og redningsteneste som vår, er i stor grad avhengig av deltidstilsette. Etter som den økonomiske situasjonen er bra for dei fleste, vernar vi meir og meir om vår fritid. Dette har kome naturleg, som følgje av at vi er økonomiske betre stilt. Dette kan då igjen vere ei utfordring for å rekruttere deltidstilsette. Det er ikkje alltid slik at ein no har sterkt behov for ei ekstraintekt, som ein deltidsstilling gir. Ein ser dette opp mot avgrensing i kva ein kan bruke fritida til. Vaktordningar påverkar også familiesituasjonen. Arbeidsmarkanden er og slik at mange har lang reiseveg til arbeid, og difor er ekskludert frå deltidstilling som krev vakt på dagtid.

Nye utdanningskrav for tilsette i beredskapstenesta vil kunne gjere det både enklare og vanskelegare. Enklare fordi det no skal bli fagskuleutdanning over to år for brannkonstablar, og ein dermed kan tilsette ein ferdig utdanna brannkonstabel. Vanskelegare fordi ein vel neppe kan forventa at nokon tek ein slik utdanning på heiltid over to år, berre for ei lita deltidstilling? Dette kan igjen føre til rekrutteringsproblemer for brannvesen som skal rekruttere lokalt i småkommunar.

Brann- og redningstenesta for Fjell, Sund og Øygarden må gå i retning av eit større innslag av heiltidstilsett personell, og då særleg mot ein dagkasernert løysing. Øygarden brann og redning IKS vil i løpet av få år dekkje ein region på om lag 40 000 innbyggjarar. Slik storleik førar også til at kommunane må vere villig til å sikre adekvate beredskaps- og førebyggjande ressursar, sjølv om kostnaden kan auke noko.

4.6 Selskapsavtale for Øygarden brann og redning IKS

Det er utarbeidd, og vedteke, eiga selskapsavtale for selskapet. Selskapsavtalen er det overordna dokumentet for drifta. Her er det m.a. regulert føremål og ansvarsområde, eigaransvar, oppgåver for representantskap og for styret, dagleg leiing, økonomiforvaltning m.m.

I selskapsavtalen går det fram følgjande om ØBR sitt føremål og ansvarsområde:

§ 5 Føremål og ansvarsområde

ØBR sitt primære føremål er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i eigarstrategi for ØBR, lov og forskrift vedkommande brann – og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feiing og tilsyn. Sekundært kan ØBR yta desse og liknande tenester mot vederlag til andre kommunar og verksemder.

ØBR sine plikter og arbeidsoppgåver:

- a) gjennomføra informasjons – og motivasjonstiltak i kommunane om brann og andre akutte ulukker*
- b) gjennomføra brannførebyggjande tilsyn*
- c) vere kommunane sin innsatsstyrke ved brann*
- d) gjennomføra ulukkesførebyggjande oppgåver*
- e) vere kommunane sin innsatsstyrke ved andre akutte ulukker t.d. trafikkulukker*
- f) gjennomføra feiing og tilsyn med fyringsanlegg*
- g) vere kommunane sin første innsatsstyrke ved akutt forureining og inngå i aksjonsleiinga*
- h) gjennomføra nærare definerte oppgåver i krise – og krigssituasjonar*
- i) ta del i utforminga av eigarkommunane sine planar og arbeid med krise og beredskap*
- j) fastsette branndokumentasjon for eigarkommunane*

Eigarkommunane kan også leggja andre arbeidsoppgåver til ØBR så langt dette ikkje svekkjer gjennomføringa av oppgåvene lista i § 5.

Oppgåver utover dette vil krevje ekstra ressursar.

5

Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse (kortversjon)

5.1 Innleiing


Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalysen har mest fokus på beredskapsrelaterte problemstillinger. Difor er hovuddelen av dette kapittelet via til beredskapsdelen. Dette finn ein under kapittel 5.2 – 5.4.

Analysen tek imildertid også føre seg det førebyggjande arbeidet og administrative oppgåver, som også er ein del av det totalt ROS-arbeid. Den førebyggjande ROS'en finn ein under kapittel 5.5 og vurderingar av administrative oppgåver finn ein under kapiittel 5.6.

5.2 Intensjonar og metode

Ein risikoanalyse er ein systematisk metode for å forklare og/eller berekne risiko. Den blir utført ved å kartlegge uønska hendingar, årsaka til og konsekvensane av desse. Derneft reknar ein ut risikoen som eit produkt av sannsynlegheit og konsekvens.

Det er søkt å finne brann- ogulukkespunkt i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, og der det er mogleg, finne årsak, og kva for konsekvensar brann eller ulukke kan få for regionen



Intensjonane er å kartleggje farar, evaluere dei, finne tiltak, sette i verk og resultatmåle tiltaka. Dette kan gjennomførast ved å vurdere eit analyseobjekt opp mot ei hending, foreslå tiltak og så sjå kva for effekt tiltaket(a) har for det totale risikobilete.

5.3 Gjennomføring

5.3.1 Definisjoner og begreper

Uønska hending, er her definert som hendingar som kan representere fare for

- menneske, dyr, miljø og økonomiske verdiar
- samfunnsviktige funksjonar
- viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg
- det respektive brannvesen sin evne til å oppretthalde drift, og derav ivareta kommunane sine plikter etter brann- og eksplosjonsvernloven.

Redning er i hovudsak knytt til redning av mennesker frå død eller skade, men det blir også i mange tilfelle inkludert dyr i dette begrepet. Sjølv redningstenesta er eit samvirke mellom offentlege etatar, frivillige organisasjonar (som t.d. Raude Kross) og private selskap med eigna ressursar til redningsinnsats. Politiet har ansvaret for å koordinere innsatsen i konkrete ulukkestilfeller. Det vere seg på land, sjø eller i lufta.

Sårbarhet er eit system sin evne til å oppretthalde funksjon når det er utsett for påkjenningar. Dette kan t.d. vere evne til å handtere samanfallande hendingar.

Ulukker blir i denne samanheng teken med for dei hendingar der ØBR kan tenkast å ha ei rolle. T.d. ved trafikkulukker.

Analyseobjekter (geografiske, tekniske, organisatoriske, miljømessige eller menneskelege faktorar som vert omfatta av denne risikovurderinga), blir vurdert opp mot sannsynlighet og konsekvens for ein risiko dei måtte utgjere. Val av analyseobjekter er i stor grad basert på kjennskap til regionen, og kva desse utgjør av potensielle farar.

Sannsynlighet, S, er eit uttrykk for moglegheit for at brann, ulukke eller annan hending skal inntreffe. Vi har nytta følgjande inndeling for å beskrive hendingar:

Inndeling*	Verdi	Frekvens
Lite sannsynleg (S1)	1	Mindre enn ein gang kvart 50. år
Mindre sannsynleg (S2)	2	Mellom ein gang kvart 10. år og ein gang kvart 50. år
Sannsynleg (S3)	3	Mellom ein gang kvart 5. år og ein gang kvart 10. år
Meget sannsynleg (S4)	4	Mellom ein gang kvart år og ein gang kvart 5. år
Særs sannsynleg (S5)	5	Meir enn ein gang kvart år

*Det er fleire måter og inndelinger av sannsynleghet og konsekvens. Dette er vår inndeling i denne samanhengen.

Konsekvens, K, er eit uttrykk for skadeverknader dersom brann, ulukke eller annan hending skulle inntreffe.

Risiko, R, er eit produkt av sannsynleghet og konsekvens: $R = S \times K$

Dette vil gje oss eit såkalla "ventet" tap.

Vi kan bruke følgjande definisjon på risikobegrepet:

"Risiko er alle tenkelege og uønska hendingar."

For konsekvensen er det nytta følgjande inndeling.

Inndeling*	Verdi	Liv og helse	Tenesteproduksjon	Samfunnskostnad og miljø
Ufarleg (K1)	1	Lettare personskadar (førstehjelpsskadar)	Ingen eller ubetydeleg innverknad	Ubetydelege miljøskadar , uvesentleg område/kostnad under 150K NOK
Ei viss fare (K2)	2	Mindre skadar som trengjer legebehandling	Mindre innverknad	Skadar som vert retta opp for under 2 mnd, begrenset område/kostnad under 500K NOK
Farleg (K3)	3	Alvorleg personskade (må handterast av spesialist-helseteneste)	Middels innverknad	Skadar som vert retta opp for under 6 mnd, betydeleg område/kostnad under 5 mill NOK
Kritisk (K4)	4	Fleire alvorlige personskadar/ Dødsfall	Store innverknadar	Skader som vert retta opp for under 10 år, stort eller sårbart område/kostnad under 30 mill NOK
Katastrofalt (K5)	5	Masseskade/massedødsfall, tre eller fleire omkomne	Svært store innverknadar- heilt sett ut av drift	Varige miljøskadar/Skadar over 30 mill NOK, teknisk infrastruktur og avhengige systemer varig ute av drift

*Det er flere måter og inndelingar av sannsynlighet og konsekvens. Dette er vår inndeling i denne sammenheng.

- Akseptkriterier** er det nivå på risiko som i denne analysen deler inn hendingar for vidare analyse. Kriteriene seier noko om kva for nivå ei hending vert delt inn. Som utgangspunkt er
- o for analyseobjekter som er vurdert til å ende i raud sektor **må** tilføres risikoreducerande tiltak.
 - o for analyseobjekter i gul sektor **bør** tiltak vurderast.
 - o for analyseobjekter som ender i grøn sektor **kan** tiltak vurderast, men der ein i utgangspunktet ikkje vurderar det som eot behov.

RISIKO (S x K)		Konsekvens				
		K 1	K 2	K 3	K 4	K 5
Sannsynlighet	S 5	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S 4	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S 3	Green	Green	Yellow	Red	Red
	S 2	Green	Green	Green	Yellow	Red
	S 1	Green	Green	Green	Green	Yellow

Vi legg vidare følgjande prinsipp til grunn:

- Ansvarsprinsippet: i dette ligg at det ansvar brannvesenet har under normale driftstilhøve, skal også brannvesenet ha i krisesituasjonar
- Likhetsprinsippet: i dette ligg at brannvesenet sin utøving av tenester skal vere så lik som mogleg anten det er ei krisesituasjon eller normal drift.
- Nærhetsprinsippet: intensjonen er at ein krise skal handterast på eit så lågt organisatorisk nivå som råd.
- Samvirkeprinsippet: prinsippet om at alle etatar og organisasjonar skal samvirke for best mogleg løysing under redningsaksjonar

Det er også viktig å vere klar over at dei verdiar for sannsynleghet og konsekvens som vi har nytta, er basert på lokal kunnskap og den erfaring vi har, om kva for hendingar som potensielt kan inntreffe.

Verdigrenser for dei ulike kategoriar er basert på tidlegare statistisk grunnlag for erstatningar etter brannar, justert opp til dagens nivå.

Om vi held saman sannsynleghet og konsekvens vil vi kunne danne oss eit bilete av risikoen som er forbundet med den aktuelle hending som er vurdert. Med basis i kartlagt risiko må ein gjere ein heilskapsvurdering og foreta avvegingar:

- o Kva for økonomiske og praktiske moglegheiter for førebyggjande tiltak kan gjerast i risikoobjekter/områder?
- o Kva for organisering av brann- og redningstenesta utover minimumskrava skal regionen ha?
- o Kva for risiko er kommunen(ane) villig til å, eller måtte, leve med?

Risikoreducerande tiltak kan anten vere førebyggjande eller skadeavgrensande.

Med førebyggjande tiltak meiner vi her tiltak for å minske sannsynleggheten for ei uønska hending dvs. sette inn tiltak mot sjølvne årsaka til hendinga. Med skadeavgrensande tiltak meiner vi tiltak for å redusere konsekvensane av ei uønska hending. Døme på reduksjon i sannsynlegheit er betre opplæring av tilsette i ei bedrift og hyppigare tilsyn med bedriften. Døme på skadeavgrensande tiltak kan vere fysiske tiltak i bygningsmassen som sprinkleranlegg, betre brannskille, høgare beredskapsnivå m.m..

Området med uakseptabel risiko		Risiko tolereres ikke.	Må
Områder der risiko kan tolereres dersom alle "rimelige" tiltak er gjennomført" (ALARP) ALARP: As Low As Reasonably Practicable		Risiko tolereres dersom ytterligere risikoreduksjon ikke er praktisk gjennomførbart eller om kostnadene ikke på noen måte står i forhold til "gevinsten". Risiko tolereres dersom kostnaden for risikoreduksjonen overstiger nytten	Bør
Område hvor risiko i allmennhet ansees som akseptable		Nødvendig å vise at risiko opprettholdes på dette lave nivået	Kan

5.3.2 Vurdering av risiko

Det er ofte slik at når vi tenkjer på risiko, så legg vi til grunn kva for erfaring vi sjølv har, statistikk og forskjellige undersøkinger. Altså kor ofte ei gitt hending er representert. Det vi som regel ikkje kjenner, eller bare må estimere, er talet på nestenulukker. Difor er det vanskeleg å gje ei reell objektiv vurdering av framtidige hendingar. Vi vet ofte årsaka til ein faktisk brann, men vi vet altså ikkje kor mange "nestenbrannar" som oppstår som følgje av samme årsak. Vi brukar den erfaring som vi har, og bedømmer sannsynlighet for uønska hendingar ut i fra kor representativ tilhøva er hos oss i forhold til erfaringsgrunnlaget. Dette kan føre til at vi vurderer sannsynligheten for en bestemt type brann, stor eller liten, som mindre enn den eigentleg er.

Kunnskap om fagområdet har også innverknad ved vurdering av risiko.

Når vi skal vurdere sannsynlege utfall av forskjellige hendingar må vi vurdere både den enskilde hending som bare gir eitt utfall, *både-og* hendingar som får fleire følgjer, og hendingar der vi kan ende opp med *enten-eller-situasjonar*. Det er altså fleire potensielle brannkjelder i t.d. ein bustad, men det er tilstrekkeleg at berre ein av dei slår til for å skape ein brann.

Vi har brukt følgjande tre fortolkningar av risikobegrep:

- 1) Uønska påført risiko; det blir bygget ein bensinstasjon like ved siden av eit bustadområde.
- 2) Uønska sjølvvald risiko; eit val mellom to eller fleire onder.
- 3) Ønska sjølvvald risiko; her har vi ein positiv vurdering av risiko. T.d. ulike typer sport.

Det er kommunane sjølve som må leggje til grunn ein del av desse tilhøva, og vurderingane ved dimensjonering av sitt brann- og redningsvesen.

Risikovurderinga skal vere eit grunnlag, ei reiskap, for å fatte avgjerder og skal inkludere følgjande faktorer: tekniske, miljømessige, menneskelege, organisatoriske og økonomiske, som er relevante for kommunane.

Risikoanalysen har tatt utgangspunkt i *Håndbok i kartlegging av brannrisiko i kommunene, Veileder for kommunal risiko- og sårbarhetsanalyser og NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger*.

Risikobegrepet kan også delast inn i følgjande:

1. Risiko frå naturgitte tilhøve (ras, flom, vind m.m.)
2. Risiko skapt av menneske (utslepp fra industri, trafikk m.m)
3. Anna risiko (teknisk svikt m.m.)
4. Kombinasjonar av 1 – 3 (t.d. jordras som følgje av menneskeleg aktivitet)

Brannvesenet må, i større eller mindre grad, rekne med å måtte medverke i aksjonar frå alle risikoarter. Dette kan igjen gje føringar på kompetansebehov for framtida.

5.4 ØBR sin vurdering av dei største risikoområda

5.4.1 Farleg gods på veg/uhell med farleg gods

Utslepp av farleg gods (akutt forureining), skal handterast av skadevoldar. Om dei ikkje har kunnskap og/eller kapasitet skal kommunen tre inn og gjere skadebegrensande tiltak på skadevoldar sin rekning. ØBR må for dette ha adekvate ressursar (utstyr og økonomi) for å handtere mindre utslepp og komplettering av utstyr og materiell som vart nytta ved ein aksjon. Dersom skadevoldar ikkje er kjent svarar kommunane for 3 kr per innbyggjar, som då også bør vere dimensjonerande for ramma for ein eigen budsjettpost.

Transport av farleg gods må søkjast å ikkje gå gjennom bustadområder

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- ØBR må rå over naudsynt og adekvat utstyr og materiell for handtering av mindre utslepp.
- ØBR må for dette ha ei særskilt budsjettpost for å kunne reanskaffe materiell etter bruk. Ramma bør minimum vere 3 kr/innbyggjar. Dvs. om lag kr 120 000.
- ØBR må rå over særskilt utstyr (splashdraktar) for å handtering av mindre utslepp, der ein ikkje kan nytta ordinære brannkle. Dei tilsette må ha opplæring i bruk av kjemikalieverndraktane.

5.4.2 Større utmarksbrann

Typisk døme her er ei utmarksbrann der behov for store personellstyrkar er aktuelt. Behov for assistanse frå Sivilforsvar, nabobrannvesen og ev. skogbrannhelikopter, kan bli aktuelt. Aksjonen kan bli langvarig, noko som fører til behov for personellutskiftingar.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- Det er tilrådd å etablere en reservestyrke, som kan trekkast inn ved slike brannar. Personell i denne reservestyren har ikkje så strenge krav til helse og kompetanse som t.d. en brannkonstabel som er røykdykkar. Krav til oppmøtetid kan også vere lengre. Særleg aktuell bruk vil vere ved ettersløgging og vakthald.

5.4.3 Større brann i bustad- og næringskompleks

Det kjem stadig fleire høge bustadkompleks i regionen. I tillegg har alle kommunar bustadområder med tett busetnad og ei rekkje stor næringsbygg. Angrepstilhøve og tilkomst varierer. Sløkkje- og ev. redningsinnsats i høgda krev eigna reiskap.

Slik reiskap vil vere eit viktig risikoreducerande tiltak, både ved «vanlege» bustadbrannar, men særleg ved brann i store bygg. Anten det er høge bygg eller bygg i stor utstrekning (areal).

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- gode reguleringsplanar ved utarbeiding av nye bustad- og næringsområder, som sikrar tilkomst og angrepsmogleghet for ØBR sine kjøretøy
- høgdereskap må på plass og samstundes må ein rekne med meir trening for operatørane av reiskapen enn personell som ikkje har denne funksjonen.
- god dialog med utbyggjarar i forkant vil medverke til å løyse område knytt til brann- og redningsproblematikk på eit tidleg stadium av ein planprosess

5.4.4 Trafikkulukke

Det er til dels mykje trafikk på hovudvegane i regionen. Særleg gjeld dette RV/FV 555 og FV 561.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- Alle stasjonar skal ha adekvat frigerings- og hurtigsløkkjeutstyr.
- Raskt responstid er ofte ei viktig faktor ved trafikkulukker med personskade.
- Spreidd plassering av brannstasjonar vil gjere regionen godt rusta til å kunne rykke ut med brann- og redningsressursar med rimeleg korte kjøreavstandar. Lokalisering av brannstasjonar, slik det er tilrådde i denne branndokumentasjonen, er gode m.o.t. strategiske plasseringar og rimeleg korte utrykkingsavstandar.

5.4.5 Sjørelaterte hendingar

Regionen består av tre øykommunar med sjø på alle kantar. Det er ein sterk kystkultur og det er aktiv bruk av sjøen, både til fritidsaktivitetar, og til næringsaktivitet. Spesielt kan nemnast at regionen er kjent som eit attraktivt område for kajakkpadling. Ein ser og mykje aktivitet knytt til oppdrettsnæring.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- Redningsaksjoner til sjøs kan vere krevjande og ein kan ikkje venta at brannvesenet skal kunne yte innsats langt til havs og ved særsl dårleg vær. Brannvesenet bør likevel vere budd på å kunne yte innsats ved ulykker i skjærgarden rundt kommunane. Brannvesenet bør ha båt ved stasjonane i Øygarden og Sund for å kunne ivareta sikkerheita på ein tilfredstillande måte.

5.4.6 Særskilde risikogrupper

Dette er ei lite homogen gruppe, men ein kan trekkje ut ei fellesnemnar som er at personar det er tale om har utfordringar av ulik karakter, som gjer dei meir utsett ved brann og ev. rømming.

Døme på slike grupper

- heimebuande eldre med avgrensa mobilitet
- rusavhengige
- framandspråklege med særsl ulik kulturbakgrunn/asylsøklarar
- arbeidsinnvandrarar
- funksjonshemma med nedsett mobilitet ev. kognitiv evne

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- tettare samarbeid med kommunane sine helse- og sosialtenester.
- meir opplæring av tilsette ved institusjonar
- meir informasjon til brukarar og eigarar av bygg som blir nytta til flytningemottak ev. som utleigebustader til framandarbeidarar

5.4.7 Industri

Regionen har mykje næringsaktivitet, spesielt kan CCB Ågotnes, Gasnor LNG terminal, Kollsnes prosessanlegg og Stureterminalen næmnast spesielt. Ein har og anlegg som produserer og lagrer sprengstoff i regionen. Dette kan medføre spesielle utfordringar knytt til ulykker på desse anlegga.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- Dei fleste av desse anlegga er storulykkebedrifter som må rapportere årleg til DSB. Fleire har også eigne industrivern. Ein ser likevel at ulykker skjer på desse anlegga og at det er behov for at brannvesenet gjer innsats på desse anlegga. Brannvesenet må vere budd på å leie og gjennomføre krevjande innsatsar på desse anlegga. Ein bør dirfor ha eit tett samarbeid med desse verksemdene slik at ein kan ha felles planverk og jamlege øvingar.

5.5 Førebyggjande ROS

5.5.1 Ny førebyggjande forskrift

Forskrift om brannforebygging, krev no at også fritidsbustader skal ha lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Dette krev då ein kartlegging og eit auka ressursbehov inntil kartlegginga er gjennomført. Ein vil då kunne seie meir konkret om ressursbehovet er tilstrekkeleg.

Det vil difor kunne bli fleire objektigarar som betalar for tenesta, og sjølv om ein treng noko meir ressursar bør ikkje behovet for auke i feie- og tilsynsavgift vere naudsynt.

5.5.2 Oppgaver for førebyggjande avdeling

Oppgaver	Ressursbehov (årsverk, tilråding)		
	Særskild tilsyn/opplæring o.a.*	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Avdelingsleieing*
Strategiske leiaroppgåver førebyggjande avdeling			1,0
Feiing av røykløp i heilårs- og fritidsbustader		1,9	
Tilsyn i heilårs- og fritidsbustader		1,9	
Synfaring/bistand kundar heime/fresing av skorsteinar		0,1	
§ 13 tilsyn (særskilde brannobjekt)	1,1		
Opplæring barn og ungdom	0,5		
Brannvernkurs og kampanjar	0,4		
Kartlegging og tilsyn (ikkje § 13)	0,9		
Tiltak retta mot eldre	0,2		
Administrative oppgåver og personaloppgåver	0,9	1,0	
Årsverk innan særskild tilsyn og opplæring	4,0		
Årsverk feiing og tilsyn med fyringsanlegg		4,9	
Årsverk samla for førebyggjande avdeling		9,9	

*Jf. dimensjoneringsforskriften §§ 2-5, 2-6 og 3-2

5.6 Administrativ ROS.

5.6.1 Innleiing

I grunnlagsmateriale for etablering av Sotra og Øygarden brannvesen pkt. 3.3 (jf. rapport frå KPMG om etablering av Øygarden brann og redning IKS, av 12.02.2016) går det fram at brannvesenet sjølv vurderer at arbeidsomfanget for administrative oppgåver, som t.d. HR, HMS og kontordrift bør vere minimum 1,5 årsverk.

Når ein no gjennom denne risiko- og sårbarhetsanalysen gjev tilråding til dimensjonering av Øygarden brann og redning IKS er det naturleg å også vurdere dette punktet på nytt og opp mot nokre modellar. Det er vidare gjort greie for tre ulike modellar for berekning av stillingsstorleik, som viser at grunnlag for 1,5 årsverk er vurdert å vere for lågt.

5.6.2 Modellar

Modell frå Direktoratet for Samfunnssikkerhet og beredskap

Det er føreteke en vurdering kring behovet i samband med utarbeiding av denne ROS'en, og ny branndokumentasjon.

Frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap er det tidlegare antyda eit ressursbehov på 0,7 – 0,8 årsverk per 10 årsverk førebyggjande og beredskap (Prosjekt-Felles brannvesen for 9 kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordaland, 2015).

Iflg. Prosjekt - Felles brannvesen for 9 kommuner i Nord-Rogaland og Sunnhordland (2015, s 58) går det fram at DSB meiner det er naturleg å legge til grunn 0,7 - 0,8 årsverk administrative ressursar per 10 årsverk beredskap/forebyggjande.

Ein openbar svakhet med ein slik modell, er at den ikkje tek høgde for tal på tilsette, men berre ser på årsverk og ikkje tek inn alt arbeid som t.d. hms-området krev i ein brann- og redningsorganisasjon. Arbeidsmengda for å handtere om lag 75 tilsette innanfor personal- og er vesentleg meir omfattande og arbeidskrevjande enn årsverktalet aleine tilseier.

Lindås & Mæland brann og redning sin modell for å berekne stillingsstorleik

Det er ulik praksis på korleis ein reknar årsverk for t.d. deltidstilsette. Personar i dreiarande vakt, deltid, er hos Lindås og Mæland berekna til om lag 20 % (0,2 årsverk), mens det hos Sotra Brannvern IKS er rekna til ca. 5 % (0,05 årsverk). Dette sjølv om stillingane og vaktordningane direkte kan samanliknast. Skilnaden ligg m.a. i kva vi legg til grunn for berekning av stillingsstorleik. SBV nyttar berre planlagde øvingar og opplæring, mens Lindås & Mæland også tek høgde for at det vil kome aksjonar, sjølv om ein ikkje direkte kan seie kor mange og kor mange timer dei tilsette fører. Ein legg difor til grunn erfaringstal, som kanskje gir eit meir riktig bilete av omfanget.

Kystverkmodellen for administrativ godtgjersle

Sotra Brannvern IKS har det administrative ansvaret for Kystverket sitt oljeverndepot på Ågotnes. Det er 11 personar knytt til depotet. Berre deltidstillingar. For dette får vi ein godtgjersle på om lag kr 220 000. Omrekna til stillingsstorleik vil dette seie om lag 0,35 årsverk for administrative oppgåver (her ligg prosessar med tilsetjing, mottak og formidling av timelistar o.a.), som da altså gjeld for 11 tilsette. Nyttar vi denne berekningsmodellen vil det for 59 deltidstilsette seie 2,1 årsverk. Legg vi til grunn av ØBR får om lag 75 tilsette totalt sett, skulle ein med denne modellen få ca. 2,7 årsverk administrative ressursar. Då er det ikkje skild på heiltid vs. deltid i arbeidsomfang. Det er naturleg å tenkje seg at ein del av godtgjersla frå Kystverket også skal dekke kostnader til faktisk lønnskjøring, rekneskap og tilsvarande. Difor blir det kanskje noko i overkant å nytta slik modellering direkte, men den gir ein peikepinn.

5.6.3 Konsekvensvurdering og alternativa

I denne risiko- og sårbarhetsanalysen vert det tilrådd ein ny organisering som vil gje direkte 16 årsverk (beredskap+førebyggjande) heiltid + i underkant av 60 deltidstilsette. I tillegg kjem administrativt personell, som ein i denne administrative ROS'en skal kome fram til.

I «administrative ressursar» legg vi m.a. følgjande arbeidsområder:

- Arbeid med tilsetjingar fra utlysing til personell er i arbeid
- Arbeid med permisjoner og oppfølging av sjukefråver
- Administrering av personal- opplysningar

- Førebuing av lønsforhandlingar o.l.
- Arbeidsmiljøkartlegging
- Oppfølging og oppdatering av reglementer og retningslinjer
- Helsekontrollar og årleg fysisk test
- Vernerundar
- HMS planverk
- Post inn og ut (brev i post, Altinn, og epost)
- Telefonsystem med kontakt opp mot leverandør, oppdagering o.a.
- Arkiv, kontormaskinpark, adgangskontroll, id-kort, avfallshandtering og reinhald
- Internkontroll, prosedyrer, revisjon
- Pensjonsarbeid og forsikringar
- Bedriftshelseteneste
- Saksbehandling for arbeidsmiljøutvalet

Dersom ein legg til grunn 0,05 årsverk i snitt per deltidstilsett gjev dette eit berekningsgrunnlag på om lag 19 årsverk. Legg ein så til grunn DSB sin tilråding med 0,7 – 0,8 årsverk administrative ressursar per 10 årsverk førebyggjande+ beredskap skulle dette gje oss om lag 1,5 årsverk administrative ressursar dersom ein nyttar faktoren 0,75. Dette er no vurdert å vere i underkant.

Ein praksis der ein berre reknar stillingsstorleik utan å ta omsyn til at administrativt arbeid med deltidstilsette er omfattande, vil gje eit uriktig bilete av det faktiske arbeide som trengst for ei fullgod administrativ støttefunksjon. I så måte er filosofien til Lindås & Mæland meir riktig. Den faktiske løna er også meir i retning av 20 %-stilling.

5.6.4 Tilråding

Ser ein dei tre berekningsmetodane opp mot kvarandre bør Øygarden brann og redning IKS i det minste ha noko meir enn DSB- sin direkte metode (som ikkje tek høgde for tal på tilsette, berre nyttar årsverk). Kystverket sin modell tek høgde for noko andre kostnader i administrativ godtgjersle, som gjer den ein del høgare. Det er difor kanskje Lindås & Mæland sin metode, som er meir i vår gate.

Det er altså ulik praksis på korleis omfanget av administrative ressursar vert berekna, men ein deltidstilsett brannkonstabel i 4-delt dreiar vaktordning, har hos SBV lønn tilsvarande ein 20 % stilling . Det kan difor vere naturleg å bruk 0,2 årsverk per deltidstilsett, som grunnlag.

Dette gjev oss då:

$$(59 \times 0,2) + 16 = 27,8 \times 0,1 \times 0,75 \approx 2,1 \text{ årsverk}$$

Ei særskild tilnærming vil difor vere at Øygarden brann og redning IKS minst bør ha 1,8 årsverk til administrative ressursar i tillegg til brannfagstillingane (brannsjef med avdelingsleiarar, beredskap og førebyggjande personell). Dette blir difor tilrådinga.


6

Dimensjonering av Øygarden brann og redning IKS

6.1 Innleiing, namn og føremål

Denne dokumentasjonen viser dimensjonering og oppbygging av Øygarden brann og redning IKS. Selskapet er organisert som eit interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskaper. I tillegg til denne branndokumentasjonen ligg det føre ein selskapsavtale med føringar for drifta av meir formell karakter.

Selskapsavtalen regulerer det formelle samarbeidet mellom eigarkommunane, og omtaler ikkje den konkrete organiseringa og oppbygginga av brann- og redningstenesta. Dette vert omtalt i denne branndokumentasjonen.



Figur: Bjørn Olav Paulsen, Sotra Brannvern IKS

Namnet for felles brann- og redningsteneste for Fjell, Sund og Øygarden kommunar er Øygarden brann og redning IKS. Heretter omtalt som ØBR. Selskapet skal stå for utføring av lovpålagde oppgåver på ein så god måte som råd, innanfor gjevne driftsrammer, og er organisert som eit interkommunalt selskap etter lov av 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper (IKS-loven).

Kommunane skal ha ein brann- og redningsorganisasjon som er organisert, utrusta og bemanna på ein slik måte at den har nødvendig kompetanse og kapasitet til å ivareta aktuelle oppgåver. Behov for særskilt materiell og kompetanse kan løysast gjennom avtale med aktuell leverandør.

Samarbeidet er regulert ved avtale mellom kommunane, og denne branndokumentasjon, som går inn som ein del av avtaleverket mellom Fjell, Sund og Øygarden kommunar.

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. I representantskapet er det to representantar for kvar eigarkommune. Det er representantskapet som vel styret. Styret skal bestå to representantar frå kvar eigarkommune. I tillegg har dei tilsette rett til representasjon ihht. § 12 i IKS-loven. Sjå elles selskapsavtalen for ØBR for meir informasjon.

Alle kommunar er i høve til §§ 9 og 10 i lov om brann- og eksplosjonsvern pliktig til å utarbeid ein dokumentasjon av korleis dei tek i vare dei krav som vert stilt til kommunane.

Branndokumentasjonen skal vere basert på følgjande:

- 1) brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse for Fjell, Sund og Øygarden kommunar
- 2) krav i forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskriften)
- 3) lokale satsingsområder og lokale tilhøve som verkar inn på dimensjoneringa

6.2 Administrasjon og organisering

6.2.1 Administrasjon og arbeidsgjevaransvar

ØBR er organisert som eit interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskaper.

Dei tilsette er tilsett i selskapet, som dermed også har arbeidsgjevaransvaret.

Selskapet er eigd av Fjell, Sund og Øygarden kommunar med, for tida følgjande fordeling:

Fjell	64 %	Sund	18 %	Øygarden	18 %
-------	------	------	------	----------	------

6.2.2 Organisering og delegering

Brann- og redningssjefen (heretter berre omtalt som brannsjefen) er dagleg leiar av selskapet.

Selskapet er inndelt i ei administrasjonsavdeling, beredskapsavdeling og ei førebyggjande avdeling.

Om ikkje anna er spesifisert er alle stillingar på heiltid. Beredskapsavdelinga og førebyggjande avdeling blir leia av kvar sin avdelingsleiar. Administrasjonsavdelinga blir leia av brannsjefen. Det er, som vedlegg til branndokumentasjonen, utarbeidd eit overordna organisasjonskart.

Det er vedteke selskapsavtale som viser dei overordna styringslinene for selskapet. Delegering av ansvar ihht brann- og eksplosjonsvernloven går fram av § 6 i selskapsavtala. Det er også utarbeidd ei eigarstrategi med overordna strategi for eigarane. Eigarstrategien gjev politisk føringar og er ikkje av fagleg karakter.

Brannsjefen kan gjere framlegg om endringar i intern organisering. Dette skal skje i samråd arbeidstakarorganisasjonane og godkjennast av styret.

6.2.3 Arbeidsavtale, stillingsinnhald og arbeidsplan

Det skal vere stillingsinnhald for alle stillingar og vaktfunksjonar i ØBR. Stillingsinnhald viser arbeids- og ansvarsområde for den einskilde stilling. Alle tilsette skal ha arbeidsavtale. Det skal og vere arbeidsplan for tilsette i fast vaktordning. Arbeidsplanen viser fordeling av arbeid og fritid i forhold til aktuell vaktordning.

6.2.4 Internkontroll

Selskapet skal ha internkontroll i samsvar med krava i internkontrollforskrifta, og rutinar for revisjon og komplettering av denne. Arbeidet med revisjon og komplettering av prosedyrane skal vere ein kontinuerleg prosess. Stabsleiaren er selskapet sin hms & k-koordinator.

ØBR sitt internkontrollsystem skal vere bygd opp slik:

Del 1. Overordna styringsdokumentasjon (det overordna dokumentet som synleggjer hms & k-politikk og mål, roller og ansvar, hms-aktivitetar m.m.)

Del 2. Styringsdokumentasjon (prosedyreverk)

Del 3. Resultatdokumentasjon (vernerunder rapportar, handtering av avvik og uønska hendingar, undersøkingar m.m.)

6.2.5 Planverk, rapportering og andre styringsdokument

Det blir utarbeidd planverk for ØBR sine aktivitetar. Dette gjeld planar innan administrasjon, beredskap og førebygging. Døme på slike planar er: oversikt over tilsyn, feiingar, kampanjar, arbeidsmiljøtiltak, øvingsplan. Nokre planar blir revidert årleg, mens andre går over lengre tidsperiodar.

Det skal vere jamleg rapportering til styret på framdrift og ev. endringar i alle planar som er vedteken av styret.

Andre styringsdokument er interne reglement (t.d. arbeidsreglement) og retningsliner (t.d. etiske retningsliner).

6.2.6 Kjøretøy og utstyr

Selskapet skal rå over kjøretøy og utstyr, som skal vere tilpassa den aktivitet og dei tenester som selskapet til ei kvar tid skal levere.

Brannsjefen legg føringar på antal, og type, køyretøy innanfor dei respektive testeområda. Før investering av kjøretøy blir gjort, skal det liggje føre vedtak i styret. Krev utskiftinga opptak av lån, skal ei sak om investeringar leggest fram for styret og deretter for vedtak i representantskapet. Eigarkommunane må i tillegg gje kommunal lånegaranti før lån kan takast opp.

Anna utstyr som krev bruk av fond, ev. opptak av lån skal få tilsvarande behandling i styre ev. også representantskap jf. førre avsnitt.

6.3 Grunnlagsdata

6.3.1 Basis

Dokumentasjonen byggjer på kommunegrenser, folketal (tal frå Statistikk Sentralbyrå) og tilhøve elles i dei tre kommunane per 01.01.2016 og 01.01.2017

6.3.2 Folketal og areal i regionen

Kommune	Flateinnhald (km ²)	Folketal (per 01.01.2017)	Innbyggjarar per km ²	Folketal i regionen (per 01.01.2017)
Fjell	148	25 204	170	37 175
Sund	100	7 058	71	
Øygarden	67	4 913	73	
Sum	315	37 175	314	

6.3.3 Tettstader (per 01.01.2016)

Tettstad	Innbyggjarar	Kommune
Knarrevik/Straume	10 818	Fjell
Ågotnes	3 821	Fjell
Torsteinsvik	1 737	Øygarden
Knappskog	1 559	Fjell
Hammersland	928	Sund
Skoge/Møvik	810	Fjell
Klokkarvik	736	Sund
Vikavågen	668	Øygarden
Forland	627	Sund
Tælavåg	581	Sund
Skogsvågen	541	Sund
Sekkingstad	491	Fjell
Fjell	441	Fjell
Lie	437	Fjell
Fardalen	392	Sund
Glesnes	340	Sund
Rossnes	334	Øygarden
Misje	300	Fjell
Haganes	275	Fjell

Tabell viser innbyggjarar som bur i tettstader i regionen.

6.3.4 Eldstader og piper

	Fjell		Sund		Øygarden	
	Heilårsbustad	Fritidsbustad	Heilårsbustad	Fritidsbustad	Heilårsbustad	Fritidsbustad
Pipeløp	6 530	1 500*	2 199	500*	1 350	670*
Eldstad	7 810	1 500*	2 683	500*	1 600**	670*
Sum	14 340	3 000*	4 882	1 000*	2 950**	1 340*

*Betyr at talet er eit estimat. Tilsyn og feiing i fritidsbustader kom inn i ny førebyggjande forskrift i 2016. Det har difor ikkje vore mogleg å kartlegge alle fritidsbustader på eitt år. **Estimat som gjeld heilårsbustad

6.4 Administrasjonsavdeling, og leiing av selskapet

6.4.1 Generelt

Avdelinga har ansvaret for dagleg leiing, kontordrift (herunder arkiv), overordna personalforvaltning, hms&k-koordinering, strategisk økonomisk og administrativ planlegging og oppfølging, o.a.

6.4.2 Brann- og redningssjef (brannsjef)

Brannsjefen er dagleg leiar av ØBR og rapporterer til styreleiar. Mynde og arbeidsoppgåver går fram av § 12 i brann- og eksplosjonsvernloven, selskapsavtalen for ØBR og stillingsinnhald for stillinga. Andre krav til brannsjefen går fram i §§ 2-5 og 7-11 i dimensjoneringsforskrifta og eigarstrategien.

6.4.3 Nestleiar (varabrannsjef)

Varabrannsjefen er nestkommanderande ved ØBR. Funksjonen er ei tilleggsfunksjon til ein av avdelingsleiarane.

6.4.4 Avdelingsleiing, leiargruppe og stabsfunksjonar

Avdelingane skal leiast av personar som er kvalifisert og har kompetanse ihht krav i §§ 2-5, 7-8 og 7-9 i dimensjoneringsforskriften, samt i stillingsomtale for stillingane.

Brannsjefen peikar sjølv ut ein leiargruppe, som skal planleggje administrative, operative og strategiske forhold for drifta ved selskapet.

Seksjon for internkontroll, personal og økonomi, er ein støtteressurs innan t.d. planarbeid, personaloppgåver, kontordrift, økonomi og hms & k-arbeid. Seksjonsleiar (stabsleiar) er og koordinator for hms & k-arbeidet. Seksjonen skal ha min 1,8 årsverk. ØBR skal ikkje føre rekneskapan/lønsutbetaling sjølv, men kjøpe denne tenesta frå ein av eigarkommunane. Framlegg til bemanning er i samsvar med tilråding i risiko- og sårbarhetsanalysen.

Det er knytt ein heiltidsstilling til ROS- og prosjekter. Stillinga skal arbeide opp mot eigarkommunane i ROS- og beredskapsrelaterte problemstillingar, men vil også ha sentrale arbeidsoppgåver innan det førebyggjande arbeidet.

6.4.5 Kompetanse

Avdelingsleiarar og brannsjef ved ØBR skal tilfredsstille krava til faglege kvalifikasjonar i dimensjoneringsforskriften og førebyggjande forskrift.

Leiinga ved selskapet jf. pkt. 2.4.5, må vere villig til å gjennomføre den opplæring som er nødvendig for å vedlikehalde og auke kompetanse innan aktuelle fagfelt.

6.5 Beredskapsavdeling

6.5.1 Generelt om oppgaver og dimensjonering av beredskapen

Avdelinga har ansvaret for beredskap mot brannar, ulukker m.m. I tillegg har avdelinga det administrative ansvaret for Kystverket sitt oljeverndepot på Ågotnes i Fjell kommune.

ØBR skal ha slik kompetanse at krav, som blir stilt til brannvernet om gjennomføring av beredskapsarbeid, blir oppfylt. Jf. brann- og eksplosjonsvernloven og tilhøyrande forskrifter.

ØBR skal ha tilfredsstillande personellressursar og kompetanse, samt materielle ressursar, som gjer selskapet i stand til å utføre dei arbeidsoppgåver brann- og redningstenesta kan bli sett til.

6.5.2 Standardkrav iht dimensjoneringsforskriften

Forskrift om organisering og dimensjonering setter minimumskrav til bemanning og vakt. Under følgjer korte kommentarar til dei viktigaste krav i forskrifta, som er relevant for ØBR.

§1-1 Formål

Forskriften skal sikre at enhver kommune har et brannvesen som er organisert, utrustet og bemannet, slik at oppgaver pålagt i lov og forskrifter blir utført tilfredsstillende. Videre skal forskriften sikre at brannvesenet er organisert og dimensjonert på bakgrunn av den risiko og sårbarhet som foreligger.

Branndokumentasjonen for Fjell, Sund og Øygarden kommunar – Øygarden brann og redning IKS er basert på eigen risiko- og sårbarhetsanalyse. Ein kortversjon av denne finn ein i kap. 5.

§1-3 Pliktsubjekt

Enhver kommune plikter å oppfylle denne forskrift. Kommunen kan oppfylle sine plikter ved avtale med annen kommune, virksomhet eller lignende

Eigarkommunane for Øygarden brann og redning IKS har gått saman for å oppfylle sine plikter etter forskrifta.

§2-2 Delegering

Kommunen plikter å delegerer myndighet på en slik måte at brannsjefen kan utføre sin oppgaver tilfredsstillende i henhold til brann- og eksplosjonsvernloven

Eigarkommunane har gjennom selskapsavtalen sørge for tilstrekkeleg delegering

§2-5 Brannsjefen og avdelingsledelse

Brannsjefens fullmakter følger av brann- og eksplosjonsvernlovens § 12 og kommunens delegeringsvedtak. Brannsjefen skal ha en stedfortreder.

I kommuner eller brannvernregioner med mer enn 20.000 innbyggere skal brannvesenet ledes av en kvalifisert person i hel stilling.

Brannvesenet skal organiseres med en forebyggende avdeling og en beredskapsavdeling. I kommuner eller brannvernregioner med mer enn 20.000 innbyggere skal hver avdeling ledes av en person i hel stilling

Eigarkommunane oppfyller dette kravet gjennom ØBR.

§2-6 Andre oppgaver for brannvesenet

Brannvesenet kan tillegges andre oppgaver enn de som følger brann- og eksplosjonsvernloven § 11 første ledd. Slike oppgaver må ikke redusere brannvesenets muligheter til å utføre sine lovpålagte oppgaver. Oppgavene skal fremgå av dokumentasjonen i § 2-4.

Det er i selskapsavtalen ikkje lagt føringar for andre oppgåver til ØBR enn dei som naturleg ligg innanfor brann- og eksplosjonsvernloven. Dersom ØBR tek på seg andre oppgåver, må selskapet tilførast tilleggsressursar for dette.

§3-2 Kapasitet, kompetanse og dimensjonering

Brannvesenets forebyggende avdeling skal være slik bemannet og ha slik kompetanse at de krav som stilles til brannvesenets gjennomføring av forebyggende og kontrollerende oppgaver oppfylles.

Det skal utføres minst ett årsverk brannforebyggende arbeid etter forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn pr. 10.000 innbyggere i kommunen eller brannvernregionen. Andre forebyggende oppgaver brannvesenet påtar seg krever ytterligere ressurser

Med dagens oppgaveportefølje, oppfyller eigarkommunane dette kravet gjennom ØBR.

§4-8 Innsatstid

Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehus/sykehjem m.v., strøk med konsentrert og omfattende næringsdrift o.l., skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter.

Innsatstiden kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risiko. Kommunen skal dokumentere hvordan dette er gjennomført.

Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikke overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innsatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.

Slik tenesta er føreslege etablert i denne branndokumentasjonen, blir krav til innsatstid tilfredsstilt. Det er no lansert eit nytt omgrep: *responstid*. I praksis vil dette seie tid frå alarmsentralen blir varsla (ved t.d. ein telefon frå ein person) og til brannvesenet er på veg.

§5-1 Dimensjonering og lokalisering

Enhver kommune skal ha beredskap for brann og ulykker som sikrer innsats i hele kommunen innenfor krav til innsatstider etter § 4-8. Samlet innsatsstyrke skal være minst 16 personer, hvorav minst 4 skal være kvalifiserte som utrykningsledere.

Beredskapen skal legges til tettsted der slikt finnes. Et tettsted kan dekkes av beredskap fra annet tettsted innenfor krav til innsatstider etter § 4-8.

§5-2 Vaktlag og støttestyrke

Et vaktlag skal minst bestå av:

- 1 utrykningsleder
- 3 brannkonstabler/røykdykkere.

Støttestyrke er:

- fører for tankbil
- fører for snorkel-/stigebil.

§5-3 Vaktberedskap

I spredt bebyggelse og i tettsteder med inntil 3.000 innbyggere kan beredskapen organiseres av deltidspersonell uten fast vaktordning. Til tider hvor det ikke kan forventes tilstrekkelig oppmøte ved alarmering skal det opprettes lag med dreiende vakt.

I tettsteder med 3.000-8.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreiende vakt.

I tettsteder med 8.000-20.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av heltidspersonell med kasernert vakt innenfor ordinær arbeidstid. Utenfor ordinær arbeidstid kan beredskapen organiseres i lag bestående av deltidspersonell med dreiende vakt, men hvor utrykningsleder har brannvern som hovedyrke. Støttestyrke, jf. § 5-2, kan være deltidspersonell med dreiende vakt.

I tettsteder med mer enn 20.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag av heltidspersonell med kasernert vakt. Støttestyrke, jf. § 5-2, kan være deltidspersonell med dreiende vakt.

§5-4 Antall vaktlag

I tettsted fra 3.000 til 50.000 innbyggere skal det være minst ett vaktlag og nødvendig støttestyrke etter §§ 5-2 og 5-3.

I tettsted fra 50.000 til 100.000 innbyggere skal det være minst to vaktlag og nødvendig støttestyrke etter §§ 5-2 og 5-3. Ved 100.000 innbyggere skal det være minst tre vaktlag og nødvendig støttestyrke. Deretter skal beredskapen økes med ett vaktlag og nødvendig støttestyrke for hver 70.000 innbygger.

Frå §§ 5-3 og 5-4 går det fram krav om fullt lag i dreiende vakt ved tettstader over 3 000 innbyggjarar. Ågotnes tettstad har i underkant av 4 000 innbyggjarar og vaktberedskapen ved stasjonen her, må oppgraderast.

§5-6 Overordnet vakt

I kommuner eller brannvernregioner med tettsteder med mer enn 2.000 innbyggere skal det være dreiende overordnet vakt.

Brannsjefen og stedfortreder skal inngå i vaktordningen.

Overordnet vakt skal kunne lede samtidig innsats på flere skadesteder.

Flere kommuner kan ha felles overordnet vakt

Det er ein felles vaktordning for alle dei tre kommunane i ØBR

6.5.3 Særskilde risikotilhøve - auka krav til materiell, kompetanse og vakt

Vassforsyning for brannsløkking i regionen skal innrettast etter det som er fastsett i dimensjoneringsforskriften. Dersom det er behov, skal ØBR bringe med seg sløkkjevattn, og må for dette ha aktuelt køyrety tilgjengeleg. For å sikre frammøte av ein minimumsstyrke skal alt beredskapspersonell inngå i regulerte vaktordningar. Etablering av høgderaiskap krev særleg trening for operatørane.

Brannsjefen har mynde til å auke beredskapsnivået dersom særlege tilhøve tilseier dette. Døme er periodar i året der avvikling av ferie kan redusere den totale beredskapsstyrken.

Meir nedbør vil krevje meir materiell til å kunne ta lenseoppdrag i bustader m.m., som vert oversvømma fordi bekkefar tek nye vegar.

6.5.4 Organisering av avdelinga

Avdelingsleiing

Avdelingsleiaren har oppfølgingsansvar for faglege tilhøve, for personell og økonomi ved avdelinga. Han/ho rapporterer til brannsjefen.

Internt avdelingsstruktur

Intern avdelingsstruktur blir avgjort av brannsjefen i samråd med styret. Det skal synleggjerast heiltidspersonell (herunder også dagkasernert styrke), og deltidspersonell (herunder også Kystverket sitt oljeverndepot). Avdelingsleiaren er heiltidstilsett.

Utover avdelingsleiaren, skal det vere min. 4,3 årsverk for heiltidstilsette.

Bemanninga skal gje ein forsvarleg forvaltning av materiell, planlegging av øvingar og ivaretaking av den totale vaktstruktur fordelt på alle stasjonar, og oppgåver elles som går fram i aktuelle lover, forskrifter, og i selskapsavtalen for ØBR.

I tillegg kjem dei årsverka som deltidstillingane vil utgjere. Desse deltidstillingane er ikkje rekna med i talet på 4,3 (+ 1,0 avdelingsleiar). 0,3 årsverk blir å sjå i samheng med 0,7 årsverk ved førebyggjande avdeling. Dette utgjer til saman 1,0 årsverk.

6.5.5 Vaktordningar og aksjonsleiing

Vaktperiode og kommandoføring

Kvar vaktperiode skal normalt vere på ei veke. Vaktveka startar med måndag.

ØBR skal ha kommandoføring etter § 12 i brann- og eksplosjonsvernloven med tilhøyrande forskrifter, og gjeldande organisasjonskart for beredskap.

Vakhavande brannsjef

Funksjonen som vakhavande brannsjef skal normalt delast mellom fem, 5, personar i heilkontinuerleg, fem-delt, dreiande vaktordning(24/7). Ordninga skal liggje til heiltidstilsette på overordna nivå i selskapet. Det blir elles vist til §§ 4-10, 5-6 og 7-10 i dimensjoneringsforskriften når det gjeld overordna vakt.

Det skal vere eiga funksjonsbeskriving for denne tenesta. Brannsjefen kan fråvike den 5-delte ordninga om særlege tilhøve tilseier dette. Det er krav om kode 160 – løyve for utrykkingskjøring for personar i denne vaktordninga.

Vakthavande utrykkingsleiar

Vakthavande utrykkingsleiar er vakthavande brannsjef sin nestleiar ved respektive brannstasjon. Stillinga inngår i heilkontinuerleg, firedelt, dreiande vaktordning. Stillingane *kan* delast i dag- og fritidsvakt dersom det ikkje let seg gjere å ha ein person til å fylle døgnvaktfunksjonen. Det er normalt fire utrykkingsleiarar ved kvar stasjon. Det skal vere eiga funksjonsbeskriving for denne tenesta. Brannsjefen kan fråvike den 4-delte ordninga om særlege tilhøve tilseier dette. Stillingane har graden seksjonsleiar ev. underbrannmeister (gjeld deltidstillingar). Det skal elles vere min. ein brannformann ved kvar stasjon, som kan vikariere som utrykkingsleiar. Krav til faglege kvalifikasjonar som for utrykkingsleiar. Det er krav om kode 160 – løyve for utrykkingskjøring for personar i denne vaktordninga.

Når ny, komplett, beredskapsstruktur er på plass, skal det også vere ei ordning med *leiande utrykkingsleiar*. Slik ordning blir føreset lagt til utrykkingsleiarane ved hovudstasjonen. I funksjonsbeskrivinga for vakthavande utrykkingsleiar skal det vere eit eiga punkt der denne funksjonen blir forklart.

Oppmøtetid - beredskapsstyrke

Personellet må bu og arbeide slik at ØBR tilfredsstiller krav til innsatstid i samsvar med § 4-8 i dimensjoneringsforskriften.

Det er, som vedlegg til branndokumentasjonen, utarbeidd eigen oversikt over innsatstider til objekt og tettstader.

Dersom særlege tilhøve tilseier det kan brannsjefen påleggje objekteigar å setje i verk særlege tiltak jf. § 14 i brann- og eksplosjonsvernloven.

Sjåfør for store kjøretøy

Det skal normalt vere faste sjåførar for alle store kjøretøy. Dette gjeld kjøretøy der ØBR har stilt krav om førarkort kl. C (større mannskapsbilar, tankbilar og høgdereskap).

Det er krav om kode 160 – løyve for utrykkingskjøring for sjåførane. Det skal vere heilkontinuerleg, firedelt, dreiande døgnvaktordning. Funksjonane er på deltid, med delvis unntak for dagtid ved Ågotnes brannstasjon (dagkasernert beredskap).

6.5.6 Beredskapsstruktur

Oppsett

Beredskapsstrukturen viser korleis dei ulike brannstasjonane er lokalisert. For nærare omtale av kvar stasjon sjå kap. 6.5.6.2 – 6.5.6.5.

Samvirke og utalarmering mellom stasjonen skjer etter interne planar, samt at Alarmsentral BRANN 16, via naudnettet (TETRA,) rår over stasjonane, til å kunne sende ut næraste adekvate ressurs. Med ressurs i denne samanheng meiner ein t.d. mannskapsbil, tankbil, fremskoten eining m.m. Alt skjer via ein på førehand definert matrise, der systemet normalt automatisk vel næraste aktuelle ressurs uavhengig av kommunegrenser.


Beredskapsstyrken skal vere fordelt på fire stasjonar; Dalsneset, Skogskiftet, Ågotnes og ev. Straume (FRE). Merk at Straume (FRE) er ei fremskoten eining med mindre materiell- og personellmessig kapasitet enn dei andre, men med spesialisert utstyr.

Utrykking frå Straume fører, ved noko meir omfattande hendingar, også til utrykking frå hovudstasjonen ev. frå andre stasjonar i t.d. Bergen kommune. Det skal vere eigen bistandsavtale for å sikre tilfredsstillande innsatstid til dei områder i kommunane som ØBR sjølv ikkje klarar å oppretthalde krava til. Det er krav om kasernert dagberedskap for tettstaden Knarrevik/Straume. Per i dag er ein slik fremskoten eining ikkje tidfesta. Det er ei sløkkjeavtale med Bergen kommune for eit nærare spesifisert området i Fjell kommune, og Tyssøy i Sund kommune. Dette samarbeidet er regulert gjennom eigen avtale (sjå vedlegg 8).

Beredskapsstyrken er inndelt i fire beredskapslag ved kvar brannstasjon. Brannsjefen har høve til å gjere midlertidige endringar i vaktberedskapen, og kan sjå totalberedskapen i samanheng.

Styret for ØBR skal sørge for planlegging og finansiering slik at alle forhold i denne branndokumentasjonen, og krav i dimensjoneringsforskriften, blir etablert og sett i verk.

Brannstasjon	Beredskapsstyrke
Skogskiftet	Deltid innkalling, 4-delt døgnavakt
<i>Straume FRE</i>	<i>Deltid innkalling (fremskoten eining) 4-delt døgnavakt</i>
Dalsneset	Deltid innkalling, 4-delt døgnavakt
Ågotnes	Dagkasernert vaktlag (heiltid) på min 3 personar, og 4-delt døgn/fritidsvakt, deltid innkalling.



Det er utarbeidd eigen oversikt over kommandoliner, beredskaps- og stasjonsoppsett (vedlegg).

Dalsneset brannstasjon

Tidlegare omtalt som Kollsnes næringspark brannstasjon. Område der stasjonen ligg har historisk vore omtalt som Dalsneset. ØBR meiner dette er eit betre namn enn Kollsnes næringspark brannstasjon, som stasjonen tidlegare har vore omtalt som. Stasjonen ligg på same stad som før. Ny vaktordning med 4 × 3 personar i dreiarde døgnavakt (deltid) ved Dalsneset brannstasjon (Øygarden kommune) skal vere på plass innan 01.01.2020.

Vaktordninga sikrar 3 personar i vakt til ei kvar tid, inkludert utrykkingsleiar.

Skogsskiftet brannstasjon

Ny vaktordring med 4 × 3 personar i dreiande døgnvakt (deltid) ved Skogsskiftet brannstasjon (Sund kommune) skal vere på plass innan 01.01.2020.

Vaktordninga sikrar 3 personar i vakt til ei kvar tid, inkludert utrykkingsleiar.

Straume fremskoten eining

Det er fagleg tilrådd å etablere ein fremskoten eining sentralt lokalisert til Straume (Fjell kommune). Eininga vil kunne vere bemanna med min. 4 × 2 personar i dreiande døgnvakt (deltid), inkludert utrykkingsleiar. Bistandsavtale med Bergen kommune for særlege behov er aktuelt.

Parallellutrykking frå Ågotnes brannstasjon ved melding om større hendingar. Etableringa er ikkje tidfesta og beredskapen for området er i dag dekkja av ei sløkkjeavtale med Bergen kommune for eit nærare spesifisert området i Fjell kommune, og Tyssøy i Sund kommune. Dette samarbeidet er regulert gjennom eigen avtale (sjå vedlegg 8).

Ågotnes brannstasjon

Ny vaktordring med min 3 personar i dagkasernert vakt (heiltid) brannstasjon, 4 × 1 person dreiande døgnvakt deltid, og 4 × 3 personar i dreiande fritidsvakt (deltid, inkludert utrykkingsleiar, skal vere på plass innan 01.01.2020 ved Ågotnes brannstasjon (Fjell kommune). Det vert opna for at den dagkasernerte vakta i særskilde høve kan fråvikast, og at den etter kvart vert utvida til 4 personar. Vaktordninga sikrar 4 personar i vakt til ei kvar tid, inkludert utrykkingsleiar.

Brannsjefen kan, ved behov, gjere mellombelse endringar i vaktordningane.

Implementering av nye ordningar

Styret for ØBR får i oppgåve å utarbeid konsept for implementering av nye beredskapsløysingar, slik at endringane er på plass innan 01.01.2020. Unntak for fremskoten eining, som ikkje er tidfesta.

6.5.7 Samla vaktstyrke

Det skal til ei kvar tid vere minst følgjande personar på vakt:

1 × vakthavande brannsjef

3 × utrykkingsleiar

7 × røykdykkarar

Ordinær samla vaktstyrke: 11 personar (ev. fremskoten eining er ikkje inkludert)

6.5.8 Samla beredskapsstyrke

Det skal som hovudregel vere følgjande tal på stillingar i beredskapsstyrken

12 × utrykkingsleiar

28 × røykdykkarar

Sum 40 stillingar (ev. fremskoten eining er ikkje inkludert)

I tillegg kjem 5 × vakthavande brannsjef (lagt til heiltidstilsette på overordna nivå)

6.5.9 Avtalar med andre

ØBR skal inngå avtalar med relevante samarbeidspartar for å sikre bistand ved behov av tilstrekkeleg og hensiktsmessig sløkkje- og redningsressursar, og kan inngå avtalar om dette for einstilte tenester og område. Dømes på dette kan vere avtale om konkret bistand ved behov for tungbilredning.

Det vil også vere naturleg å inngå avtalar for område der naudnett (TETRA) vil sende ut andre redningsressursar som normalt alltid er raskare framme. Døme på slike område er Bjorøy i Fjell kommune og Tyssøy i Sund kommune.

ØBR pliktar i samsvar med brann- og eksplosjonsvernloven § 15, å yte bistand der dette er nødvendig. Dette under føresetnad av at vakthavande brannsjef har vurdert at det er mogleg å frigje ressursar. Dersom ØBR har behov for assistanse ved større brann eller ulykke, fleire brannar på same tid, eller andre tilhøve som tilseier dette, skal vakthavande brannsjef kontakte alarmsentralen og be om assistanse.

6.5.10 Kompetanse og øving

Personell ved beredskapsstyrken ved ØBR skal tilfredsstillere krav til faglege kvalifikasjonar i kap. 5 i dimensjoneringsforskriften. Alle nyttilsette brannkonstablar skal i tillegg til internopplæring, gjennomføre Noregs Brannskoles kurs i brannvern over internett, grunnkurs, samt røykdykkarkurs i løpet av dei første to åra dei er tilsett. Det er krav om kompetansebevis (kode 160) for utrykkingskjøring.

Alt personell skal øvast jamleg. Alle skal gjennomgå brann- og redningsøvingar kvart år i høve til ØBR sitt øvingsopplegg. I tillegg skal røykdykkarane ha minst eitt varmdykk og fire kalddykk kvart år. Ved etablert kjemikaliedykkarkompetanse skal det vere tilsvarande eitt skarpsykk og fire øvingsdykk. Det er helsekrav for tilsette ved ØBR.

Personell med befalsfunksjon skal i tillegg ha eige opplærings- og øvingsprogram.

Tilsette ved ØBR skal gjennomgå opplæring som er nødvendig for å oppretthalde eit godt kompetansenivå og for å tileigne seg kunnskap.

6.5.11 Utrusting av beredskapen

Kjøretøy og utstyr

ØBR skal disponere nødvendig materiell til den innsats brann- og redningstenesta kan bli sett til. Beredskapsstyrken skal som min. disponere følgjande utstyr:

Ant.	Køyrety	Merknad
3	brannbil med mannskapskabin og røykdykkarstolar for minst 3 personar, vasstank og pumpe	Som hovudregel skal det reknast 15 års økonomisk levetid
2	vasstankbil, med vasstank av relevant storleik, og pumpe	Som hovudregel skal det reknast 15 års økonomisk levetid
1	høgdereskap, min. 32 meter og pumpe	Som hovudregel skal det reknast 20 års økonomisk levetid
1	fremskoten eining (2 pers.) med nærare spesifiserte utstyr	Som hovudregel skal det reknast 10 års økonomisk levetid
1	Båt med motor med hengjar	Skal vere av høveleg storleik og kunne liggje stasjonær på sjø i aktuelle periodar av året.
1	Båt med motor på hengjar	Kan vere av same type som ovanfor, ev. noko mindre for meir fleksibel bruk
Andre mindre køyrety i den utstrekning og behov som blir vedteke av styret. Døme på dette er: kommandobilar, røykdykkarbil, stasjonsbil t.d. pick-up etc.		
Anna viktig beredskapsmateriell		
Moderne utstyrt for sløkking av brann, og anna relevant redningsutstyr for aktuell oppdrag		

Personleg verneutstyr

Alt personell i ØBR skal ha nødvendig personleg verneutstyr for den aktuelle oppgåve. Tilsetta skal vere fortruleg med bruken av utstyret. Ved innsats i røyk- og gassfylt atmosfære skal det nyttast andedrettsvern med overtrykk.

For denne typen arbeid skal det berre nyttast personell med særskilt utdanning på området.

Personell ved ØBR plikter å nytte personleg verneutstyr. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar at slikt utstyr er tilgjengeleg og av tilfredsstillande kvalitet.

6.5.12 Drift og vedlikehald

ØBR vil har store mengder kjøretøy og beredskapsmateriell, og fleire stasjonar som krev ettersyn og vedlikehald. Beredskapsavdelinga må vere høveleg organisert og bemanna for å sikre tilsyn og kontroll med alt beredskapsmateriell, herunder også kjøretøy.

6.5.13 Reservestyrke

Det skal opprettast ein eigen, mindre, reservestyrke. Denne styrken skal kunne nyttast til oppgåver som ikkje krev særskilt opplæring som t.d. brannkonstablar. Døme på oppgåver vil vere ettersløkking og kontroll ved større utmarksbrannar m.m.

Tilsette i reservestyryken har ikkje krav til oppmøtetid, eller formalopplæring, slik som ordinært beredskapspersonell i dreiarde vaktordning, men det blir lagt føringar på bustad i regionen, samt tilfredsstillande helse. Styret for ØBR får i oppgåve med å utarbeid plan for etablering av slik reservestyryke.

6.5.14 Forsterka beredskap

Brannsjefen kan i periodar med særleg brannfare, eller for å sikre tilstrekkeleg frammøte, auke beredskapen. Døme på dette kan vere ved spesiell arrangement, naturgitt høve, avvikling av ferie og i høgtider som t.d. påske.

6.5.15 Akutt forureining /uhell med farleg gods

ØBR skal ha personell og utstyr til å handtere mindre hendingar med akutt forureining og uhell med farleg gods. Selskapet skal ha personell som har opplæring og bruk av kjemikaliedraktar på nivå 1 («splas suite»). Ved hendingar av større omfang skal ressursar via Interkommunal utval mot akutt forureining (IUA) koplast inn. Store utslepp i våre region, som er av nasjonal karakter, skal handterast av Kystverket.

Det er kommunane som er akutt forureiningsinstans. ØBR skal vere kommunane sin aksjonsstyrke, og skal forvalte materiell for slik avgrensa innsats på vegne av kommunane. ØBR står for innkjøp og reanskaffing av materiell, men det er kommunane som dekker kostnaden.

ØBR skal ha eiga ansvar og teneste i budsjettet for kostnader for utstyr og materiell til akutt forureining. Dette slik at anskaffing og bruk av utstyr nytta til slik oppdrag, ikkje skal gå over beredskapsavdelinga sine ordinære artar for beredskapstenesta ved dei respektive stasjonane.

6.5.16 Røyk- og kjemikaliedykking

Brannkonstablar/formenn skal vere utdanna røykdykkarar. Røykdykkarane skal og ha trening i lettare kjemikalievern ved bruk av heildekkande sprutdrakter. Det er ønskjeleg at også utrykkingsleiarane har røykdykkarkompetanse.

6.6 Førebyggande avdeling

6.6.1 Avdelinga sine oppgåver

Avdelinga tek i vare brannførebyggjande oppgåver som t.d. saksbehandling etter brann- og eksplosjonsvernloven med tilhøyrande forskrifter. ØBR skal ha slik kompetanse at krav som blir stilt selskapet for gjennomføring av førebyggande og kontrollerande oppgåver, blir oppfylt. Jf. brann- og eksplosjonsvernloven og tilhøyrande forskrifter.

Tenesta er organisert iht. førebyggandeforskriften og dimensjoneringsforskriften. Det er gjennomført eiga risikovurdering knytt til førebyggjande oppgåver og tilråding til ressursbehov.

6.6.2 Organisering av avdelinga

Avdelingsleiing

Avdelingsleiaren har oppfølgingsansvar for faglege tilhøve, for personell og økonomi ved avdelinga. Han/ho rapporterer til brannsjefen, og er heiltidstilsett.

Internt avdelingsstruktur

Intern avdelingsstruktur blir avgjort av brannsjefen i samråd med styret. Det er berre heiltidstilsett personell ved førebyggjande avdeling.

Avdelinga skal med den interne organiseringa også innehalde personell til feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Avdelinga skal vere bemanna for å ta i vare dei oppgåver som går fram av *Forskrift om brannforebygging, og Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen*.

Utover avdelingsleiaren skal det samla sett vere min. 8,7 årsverk, for å sikre forsvarleg utøving av oppgåver som går fram i aktuelle lover, forskrifter, i selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS og lokale tilhøve. 0,7 årsverk blir å sjå i samheng med 0,3 årsverk ved beredskapsavdelinga. Dette utgjer til saman 1,0 årsverk. Dette er 0,2 årsverk lågare enn tilråding i risiko- og sårbarhetsvurderinga for førebyggjande aktivitet, men blir tilrådd for å oppnå synergieffektar med beredskapsavdelinga sin dagkasertering.

Merk at tenesta feiing og tilsyn med fyringsanlegg gjeld både heilårsbustader og fritidsbustader. Dette aukar talet på feiingar/tilsyn vesentleg. Det vil no vere fleire objekt(eigarar) til å fordele driftskostnaden for denne tenesta på (feie- og tilsynsavgift), og auke i talet på årsverk skal difor ikkje føre til nettoauke for eigarane.

6.6.3 Kurs og opplæring

Avdelinga skal arbeidet med kurs og opplæring innan sitt fagområde. Kursa skal vere eit tilbod til både velforeningar, offentlege verksemder og private bedrifter, men slik teneste kjem utover dei lovpålagde oppgåvene.

6.6.4 Kjøretøy, utstyr og materiell

Førebyggjande avdeling skal rå over eigna utstyr for å kunne utføre dei tenester som lovverk, forskrifter, selskapsavtale og interne krav føreset. T.d. trykkprøvingsutstyr, kamera for kontroll av skorsteinar, øvingshengjar til opplæringsoppgåver og eigna datapark/programmer.

Køyrety i den utstrekning og behov som er godkjent av styret. Døme på dette er feiebil, bil for tilsyn ev. andre.

6.6.5 Lærling(ar)

ØBR skal vere lærebedrift i feiarfaget, og det er viktig at det faglege nivået er høgt og at kompetansen blir vedlikehalde og oppdatert. Når ØBR tek inn lærlingar, skal selskapet sørgje for at dei får den utdanning som er nødvendig, og som dei har krav på.

7

Varsling av brann og ulykke

ØBR blir utalarmert frå BRANN 16 (Alarmsentral Brann Hordaland)

Varsling skjer via samband typegodkjent for dette (TETRA). Alt personell blir varsla over naudnett (TETRA). Ref. § 6-3 i dimensjoneringsforskrifta. Personell i ØBR sin beredskapsstyrke skal bere elektronisk varslingsystem når dei er i Fjell, Sund og Øygarden kommunar.

Innbyggjarar i regionen melder brann på tlf. 1 1 0.

8

Finansielt opplegg

Øygarden brann og redning IKS (ØBR) får driftstilskot frå eigarane. I tillegg blir det supplert med inntekter og refusjonar. Det skal kvart år bli sett av midlar til driftsfond og investeringsfond på 2,5 % av vedteke driftsbudsjett. Driftstilskot frå eigarane blir overført i tre terminar (1.1, 1.5 og 1.9). Styret rår over bruk av fonda. Ved budsjettbehandlinga i representantskapet for det komande året, skal representantskapet sette av aktuell sum til fond i same sak som dei vedtek driftsramma for ØBR. (Ref. vedteken selskapsavtale § 24)

Tiltak som skal setjast i verk, og som krev ekstra løyvingar frå eigarane, skal på førehand vere innarbeidd i driftsbudsjettet for det komande året.

Opptak av lån skal leggest fram for styret og vedtakast i representantskapet. Før investeringa kan setjast i verk, må det liggje føre kommunal lånegaranti frå eigarane.

Driftsbudsjett for det komande år blir utarbeidd av leiinga i selskapet. Undervegs er det dialog med leiinga i dei tre eigarkommunane. Styret for ØBR behandlar utkast til budsjett og sender det over med sin tilråding til vedtak i representantskapet. Jf. elles eiga prosedyre for budsjettprosessen.

9

ROS-arbeid i eigarkommunane

ØBR skal yte bistand i eigarkommunane sitt arbeid innan risiko- og sårbarheitsanalyse. Slikt arbeid blir utført utan ekstra kostnad for eigarane. Sjå elles pkt. 6.4.4.

Samstundes legg ØBR til grunn at eigarkommunane på sin side tek kontakt med ressurspersonar i dei høve der brann- og redningsvurderingar skal inngå i t.d. planverk.

ØBR har ikkje juridisk mynde til å utgjere beredskapsleiarrolla, men vil kunne har ein sterk rådgjevande funksjon. I tillegg vil ØBR vere naturleg operative ressurs i hendingar av brann- og redningskarakter.

10

Kystverket - oljeverndepot

10.1 Oljeverndepot

Kystverket har eit statleg oljeverndepot som er lokalisert til Coast Center Base på Ågotnes. Personell og materiell ved depotet kjem i aksjon når det vert ein statleg oljevernaksjon, som er øvste nivå i aksjonsstegen. Dette nivået kjem inn i dei aller største forureinings sakene som opptre ved t.d. skipsforlis med utslepp.



10.2 Organisering

Øygarden brann og redning IKS (ØBR) har det administrative ansvaret for depotet. Dvs. utbetaling av løn, tilsettingar o.l.

Det faglege og personalmessige ansvaret (herunder hms-ansvar) ligg til Kystverket. Dette er stadfesta i avtala mellom ØBR og Kystverket. Det er også Kystverket som held øvingar for personellet.

Ved depotet er det følgjande deltidstillingar:

1 × tilsynsmann

1 × leiar for depotstyrken

1 × nestleiar for depotstyrken

8 × mannskap ved depotstyrken

11

Sivilforsvar – FIG Fjell

Etter *lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvar* blir kommunane gjeve ansvar for vedlikehald og lagring av alt beredskapsmateriell.

Sivilforsvaret er etablert med utstyr og personell på Ågotnes brannstasjon og ØBR får oppgåva med å sjå til beredskapsmateriell på vegne av Fjell kommune. Av praktiske årsaker skal difor Sivilforsvaret vere samlokalisert med ØBR.



Det er plassert ein FIG og ein FIGP ved Ågotnes brannstasjon

- **Fredsinnsettsgrupper (FIG)** består av 24 tenestepliktige med kompetanse, materiell og oppgåver for brannsløkking, redningsteneste, førstehjelp, søk, samband, ordensteneste og måling av radioaktiv stråling.
- **Fredsinnsettsgrupper personell (FIGP)** består av 24 tenestepliktige med kompetanse og materiell til å kunne forsterke fredsinnsettsgruppene
Kjelde: www.sivilforsvaret.no

Her er døme på oppdrag der assistanse frå Sivilforsvaret er aktuelt:

- Vasslevering (pumpeutlegg med slangar av store dimensjonar)
- Defensiv og offensiv sløkkjeoppgåver (bruk av vatn, skogbrannsmekker, etablering av branngate/våte felt. Offensiv innsats under leiing av brannvernet)
- Ettersløkking og kontroll

Kjelde: Operativt konsept for Sivilforsvaret (Sivilforsvaret, 2012)

Hordaland Sivilforsvarsdistrikt (HSFD) har ved ei rekkje høve ytt bistand til region ved større hendingar. Dei har også arrangert kurs i «Enhetlig LedelsesSystem» (ELS) for overordna brannbefal ved Askøy brann & redning, Sotra Brannvern IKS(SBV) og Øygarden brannvesen, hausten 2013.

HSFD og SBV utarbeidde, og sto som arrangør, i eit kurs i «Samspill og Operativ ledelse» (2012).

Det er difor gode erfaringar frå samarbeid med HSFD på fleire område enn direkte innsatsar.



Bilete SBV frå kurs i ELS 2013

Denne branndokumentasjonen viser ei brann- og redningsteneste som skal vere rusta til å ivareta dei oppgåver brann- og redningstenesta er pålagt gjennom lovverk, forskrifter og selskapsavtale. Den tek inn tilrådingar som kjem fram i brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse som er utført. Nokre av tiltaka er tenkt innført over ei 2 års periode.

Brann- og redningssjefen meiner at ein må vere førebudd på endringar. Særleg gjeld dette eit behov for ei dagkasernert styrke, samt ev. framtidige samarbeid som kan medføre at ØBR får tildelt fleire oppgåver. Vest brann- og redningsregion kan vere døme på ei t slikt samarbeid. Brann- og redningssjefen vil understreke at formalisert samarbeid må vere basert på samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester, for å sikre tilstrekkeleg medverknad frå alle deltakarar. Styret og selskapet har i hovudsak ansvaret for å fylle opp dei forpliktingar som er lagt til våre eigarkommunar, gjennom brann- og kompetansemiljø innan brann- og redning i eigen regionen. Oppgåver utover dette vil venteleg føre til auka ressursbehov. Øygarden brann og redning IKS er blant dei store i Hordaland, og det vil vere naturleg at organisasjonen bidreg i interkommunalt samarbeid.

God dialog og samhandling mellom selskapet og administrativ leiing i eigarkommunane, vil gje alle partar betre føresetnadar for å sikre at både førebyggjande og beredskapsarbeid får dei beste rammevilkår for å lukkast. I tillegg er det viktig med gode «indretenester», som vil fungere som ein katalysator for å få eit godt personalarbeid med god internkontroll.

Tilrådingane frå brann- og redningssjefen svarer til dei utfordringar og tilrådingar som risiko- og sårbarhetsanalysen peiker på.

Brann- og redningssjefen sine tilrådingar føl på neste side. Dei er ikkje sett opp i prioritert rekkjefølgje, då dei fleste krev ei avgjerd i styret ev. representantskapet. I det vidare vert Øygarden brann og redning IKS korta ned til ØBR.

Punkt	Tekst	Tid
1	Plan for implementering av tiltak av administrative og førebyggjande karakter ihv. kap. 6.4 og 6.6.	Innan 01.10.2017
2	Plan for implementeringa av ny beredskapsstruktur ihv. Kap 6.5, vert å leggje fram for styret.	innan 01.10.2017
3	Plan for utstskifting og komplettering av bilparken for ØBR, vert å leggje fram for styret.	innan 01.10.2017.
4	Det vert særskild tilrådd at endring til 4-delt vaktordning også ved Dalsneset stasjon (Øygarden) vert innført i løpet av 2018. Brannsjefen rår til at ein startar med 4 lag a' 2 personar i 2018 og at laga vert utvida med ytterlegare ein i 2019, slik målet er. Nedtrapping av ikkje-dreiarde løysingar skjer parallelt.	Start 2018 og fullført i løpet av 2019
5	Fortløpande implementering av ny beredskapsstruktur, førebygging og administrative oppgåver iht branndokumentasjonen	Perioden 01.01.2018 - 01.01.2020
6	Sund og Øygarden kommunar bør utarbeid eigen forskrift om open brenning slik dei har i Fjell. Ordlyd bør om mogleg vere den same.	
7	Iht <i>Forskrift om brannforebygging</i> er det no også krav til feiing og tilsyn av eldstader i fritidsbustader. Det vert oppmoda om at eigarkommunane utarbeider ein eigen, lokal, forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, som gjeld heilårsbustader og fritidsbustader. Det er ikkje umogleg at det kan vere ein fordel om eigarane også kunne samlast om same avgift for same teneste.	
8	Branndokumentasjonen tek høgde for brann- og redningstenesta sine oppgåver innan eigen region. Oppgåver som vert lagt til ØBR, som anten kjem i tillegg i eigen region, og ikkje fell direkte inn under oppgåvene lista opp i selskapsavtalen, eller tildelte oppgåver utover eigen region, må eigarane kunne rekne med krev auka ressursbehov for ØBR.	Må vurderast dersom det vert aktuelt
9	Om eigarane ønskjer utgreidd eiga forsterka sjøteneste, må slik bestilling kome frå representantskapet/styret. Dette kjem i så fall i tillegg til dei oppgåver ØBR skal utføre og ein må rekne med å tilføre selskapet ekstra ressursar av både drifts- og investeringsmessig karakter.	

Denne branndokumentasjonen viser korleis eigarkommunane til Øygarden brann og redning IKS tek i vare dei oppgåver som går fram i brann- og eksplosjonsvernlovens §§ 9 og 10, med tilhøyrande forskrifter. Branndokumentasjonen skal vere basert på ein risiko- og sårbarhetsanalyse, krav i lov og forskrift og ev. lokale føringar.

Det har vore gjennomført ein grundig brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse (heretter berre omtalt som ROS'en) for Fjell, Sund og Øygarden. Denne analysen har vurderingar innan beredskap, førebyggjande og administrative oppgåver. Det er vurderingane knytt til beredskap som er dei mest omfattande.

ROS'en har gjennom ein beredskapsanalyse vurdert aktuelle beredskapsmodellar. Modellane er testa ut mot fire scenario. I tillegg er dei vurdert opp mot tre andre parameter; personellressursar, driftstilhøve og økonomi. Desse samla fire områda er så plotta inn i ein matrise som så til slutt gjev ei tilråding til kva for beredskapsmodell som totalt sett er den beste løysinga.

Når det gjeld førebyggjande ROS, så har den kartlagd alle tilsynsområde. No er også tilsyn med fyringsanlegg og feiing av røyklaup i fritidsbustader komen inn. (Jf. Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 om brannforebygging). Dette vil medføre eit omfattande kartleggingsarbeid før ein kan sette frekvensar på tilsyn/feiing. Førebyggjande ROS har også sett på tilsyn i særskilde brannobjekter, kampanjar, saksbehandling, prosjekter og utgreiingar, m.m. Til slutt har ein komen fram ei tilråding til ressursbehov.

I alle organisasjonar er det behov for administrative støttefunksjoner. ROS'en eit avsnitt om dette. Også her med opplisting av oppgåver og ressursbehov.

I kapittelet om dimensjonering av selskapet har ein i stor grad teke med tilrådingane frå ROS'en og utarbeidd ein oversikt over avdelingar, vaktstruktur, bemanning m.m.

Branndokumentasjonen viser også to av dei meir aktuelle samarbeidspartane vi har; Kystverket (selskapet har det administrative ansvaret for oljeverndepotet på Ågotnes) og Hordaland Sivilforsvarsdistrikt. Ved Ågotnes brannstasjon er det etablert både ein FIG (fredsinnsatsgruppe) og ein FIG-P (ekstra personellgruppe).

Branndokumentasjon nemner kort finansielt opplegg, endringar og vedtak, og litt om utvida ROS-arbeid med eigarkommunane. Brann- og redningssjefen har også eit eige kapittel med sine tilrådingar til tiltak og framdrift. I stor grad blir det lagt opp til at styret får i oppdrag å utarbeide planverk for å implementere krav i branndokumentasjonen.

14

Endringar

14.1 Endringar av ikkje-prinsipiell karakter

Styret for ØBR kan gjere endringar i branndokumentasjonen, som ikkje medfører auke i dei økonomiske overføringane frå eigarane.

14.2 Endringar av prinsipiell karakter

Dersom endringsforslag(a) blir vurdert å vere av prinsipiell karakter, skal dei leggast fram for representantskapet etter tilråding frå styret. Døme på dette kan vere nedlegging av ein brannstasjon. Representantskapet har avgjerdsmynde.

14.3 Innføring av ny beredskapsstruktur

Styret for Øygarden brann og redning IKS får i oppgåve å utarbeid aktuelt planverk for implementering av tiltaka i denne branndokumentasjonen (sjå vedlegg 9).

15

Saksbehandling og vedtak

Branndokumentasjonen er utarbeidd av brannsjefane for Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen, med støtte frå interne ressurspersonar i dei to organisasjonane, som går inn i Øygarden brann og redning IKS.

Branndokumentasjonen har vore sendt til uttale hos aktuelle arbeidstakarorganisasjonar og lagt fram for arbeidsmiljøutval (AMU) for Øygarden brann og redning IKS.

Denne branndokumentasjonen erstattar alle tidlegare dokument som gjeld branndokumentasjon i Fjell, Sund og Øygarden kommunar.

Branndokumentasjonen er behandla av

- Styret for Øygarden brann og redning IKS i sak 31-2017, 14.11.2017
- Vedteken i Representantskapet for Øygarden brann og redning IKS i sak 24-2017, 14.11.2017
- Branndokumentasjonen skal etter vedtak i Representantskapet sendast over til Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB)

16

Kjelder

- Lov av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (Brann- og eksplosjonsvernloven)
- Forskrift av 26. juni 2003 nr 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen
- Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 om brannforebygging
- Selskapsavtale for Øygarden brann og redning IKS (2016)
- Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse (ØBR, 2017)
- Prosjekt - Felles brannvesen for 9 kommuner i Nord-Rogaland og Sunnhordland (2015, s. 58)

17

Ord og uttrykk

Jf. § 1-4 Definisjoner (Dimensjoneringsforskriften)

Beredskap	<i>Den ordning som sikrer at personell er disponibelt for innsats på kort varsel.</i>
Bistandsavtale	<i>Skriftlig avtale som legger til rette for at brannvesen eller andre raskt og effektivt kan motta eller avgi ressurser ved behov i akutte brann- eller ulykkessituasjoner</i>
Brannkonstabel	<i>Person i innsatsstyrke uten lederansvar</i>
Brannvernregion	<i>To eller flere kommuner som samarbeider om gjennomføring av brannvesenets oppgaver. Kommunene innenfor en brannvernregion har felles brannsjef</i>
Deltidspersonell	<i>Personell tilsatt i brannvesenet i stilling med definert omfang mindre enn heltidsstilling, eller personell med annen tilknytning til brannvesenet med definert omfang mindre enn heltidsstilling</i>
Heiltidspersonell	<i>Personell som har heltidsstilling i brannvesen</i>
Innsatsstyrke	<i>Den styrke som kalles ut til innsats ved brann eller ulykke</i>
Innsatstid	<i>Tiden fra innsatsstyrken er alarmert til denne er i arbeid på skadested</i>
Kasernert vakt	<i>Personell i vakt på brannstasjon</i>
Kjemikaliedykkar	<i>Person i innsatsstyrke, med særskilt kompetanse for innsats i områder med forgiftningsfare.</i>
Kompetansebevis	<i>Ethvert kvalifikasjonsbevis, utstedt av en EØS-stat, på grunnlag av en vurdering av personlige egenskaper, ferdigheter og kunnskaper som vedkommende myndighet, utpekt i samsvar med en EØS-medlemsstats lover og forskrifter, anser for meget viktige i utøvelsen av et yrke, uten at det er nødvendig med dokumentasjon på forutgående utdanning.</i>
Overordna vakt	<i>Personell i vakt som har brannsjefens myndighet</i>
Røykdykkar	<i>Person i innsatsstyrke, med særskilt kompetanse for innsats i røykfylt område under brann.</i>

Jf. § 1-4 Definisjoner (Dimensjoneringsforskriften)	
Samarbeidsavtale	<i>Skriftlig og gjensidig forpliktende regulering av forholdet mellom brannvesen eller andre beredskapsorganisasjoner, etater, private m.v. når kartlagte behov gjør det nødvendig å motta eller tilføre ressurser for at brannvesenet skal kunne gjennomføre lovpålagte oppgaver på en tilfredsstillende måte eller for å oppnå bedre ressursutnytting</i>
Tettstad	<i>Tettbebygget område med minst 200 bosatte, der avstanden mellom husene normalt ikke overstiger 50 meter. Tettsted avgrenses uavhengig av administrative grenser. Statistisk sentralbyrå utgir oversikt over tettsteders størrelse.</i>
Utrykkingsleiar	<i>Leiar av innsatsstyrke</i>
Yrkesutdanning	<i>Den særskilte utdanning på nivå for videregående skole som kreves etter denne forskrift for å møte fastsatte kvalifikasjonskrav</i>

Andre	
Brann- og redningssjef	Øvste leiar i brannvesenet. Her; også dagleg leiar av selskapet
Varabranssjef	Brann- og redningssjefen sin faste vikar
Dagkasernert vakt	Personell i heiltidsstilling ved stasjon innanfor ordinær arbeidstid
TETRA	TErrestrial TRunked RAdio - Naudnett for alle beredskapsetatar. Primært brann, hels og politi. Også ein del andre sentrale aktørar i lokalt, regionalt og nasjonalt redningsarbeid har radioterminalar til naudnettet.
Fremskoten eining	Ein mindre, raskare førsteinnsatsstyrke med særleg spesialisert bil og utstyr. Eininga er t.d. meir fleksibel i trafikkbilete i kraft av sin noko mindre storleik.
Operatør av høgdereskap	Tilsett i beredskapsstyrken som har hovudoppgåve med operering av høgdereskap. Krev særskild opplæring og øving.
Tettstad	Område med minst 200 busette, der avstanden mellom husa normalt ikkje er meir enn 50 meter. Det er Statistisk Sentralbyrå som gjer ut oversikt over tettstader.
Beredskap	System som sikrar at personell er disponibelt for innsats innan akseptabel tid
ØBR	Øygarden brann og redning IKS
SBV	Sotra Brannvern IKS
ØBV	Øygarden brannvesen

Vedlegg (på førespurnad)

Vedlegg 1 Overordna organisasjonskart for Øygarden brann og redning IKS	
Vedlegg 2 Stasjonsoppsett og distrikt	
Vedlegg 3 Kommandoliner ved aksjonar	
Vedlegg 4 Matrise for oppmøte - utrykking	
Vedlegg 5 Innsatstider og beredskapsoppsett	
Vedlegg 6 Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse	
Vedlegg 7 Selskapsavtale for Øygarden brann og redning IKS	
Vedlegg 8 Brann- og redningsavtale	
Vedlegg 9 Oversyn over nye tidfesta tiltak	